

## Møteinkalling

<b>Utval:</b>	<b>Utval for opplæring og helse</b>
<b>Møtestad:</b>	Fylkesutvalsalen, 3. etasje, Fylkeshuset, Agnes Mowinckelsgate 5
<b>Dato:</b>	16.01.2018
<b>Tid:</b>	10:00

### Program

- Kl. 10.00 Orientering om Idrettscampus Bergen v/dagleg leiar Randi Marie Berntsen  
Kl. 10.20 Sakshandsaming  
Kl. 12.00 Lunsj i kantina  
Kl. 12.30 Sakshandsaminga held fram

Oppmodar om at avklaring om habilitet vert meldt i forkant av møtet.

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på [www.hordaland.no/forfall](http://www.hordaland.no/forfall)

Innkallinga gjeld valde medlemer i Utval for opplæring og helse. Ved eventuelt forfall frå faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.

Emil Lennart Pålakkoff Gadolin  
utvalsleiar

## Sakliste

<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off.</b>
PS 1/18	Godkjenning møteinnkalling og saksliste		
PS 2/18	Godkjenning møteprotokoll forrige møte		
PS 3/18	Referatsaker (meldingar)		
RS 1/18	Notat om forvaltningsrevisjoner i NDLA	2015/2073	
RS 2/18	Mattilsynet si godkjenning av etablering av undervisningskonsesjon	2017/16966	
RS 3/18	Melding om vedtak frå Utdanningsdirektoratet - Godkjenning av alternativ fag- og timefordeling på studiespesialisering på St. Paul gymnas	2017/16658	
RS 4/18	UTTALE TIL FYLKESUTVALET - VG2 MARITIME FAG RVS	2017/17532	
RS 5/18	Tilsegn om utviding av undervisningsløyve til akvakultur	2017/16965	
RS 6/18	Melding om høyringsuttale til "Høring - Forskrift om befolkningsbaserte helseundersøkelser"	2017/16971	
RS 7/18	Vedrørende bruk av lærlingeklausuler i offentlige anbud	2016/1875	
PS 4/18	Byte av fylkeskommunal observatør i styra ved Steinerskolen på Skjold og Rudolf Steinerskolen i Bergen	2015/10949	
PS 5/18	Handlingsprogram 2018-2021 til Regional plan for folkehelse 2014-2025	2017/3149	
PS 6/18	Ymse		

**PS 1/18 Godkjenning møteinnkalling og saksliste**

**PS 2/18 Godkjenning møteprotokoll forrige møte**

**PS 3/18 Referatsaker (meldingar)**



## Notat

Dato: 14.11.2017  
Arkivsak: 2015/2073-173  
Saksbehandlar: oydziem

---

Til: Utval for opplæring og helse  
Fylkesutvalet  
Fylkestinget

---

Frå: Fylkesrådmannen

---

### Notat om forvaltningsrevisjonar i NDLA

Vedlagt følgjer notat om forvaltningsrevisjonar i NDLA – Norsk Digital Læringsarena.



## NDLA - orientering om forvaltningsrevisjonsrapport 2. Status og fremdrift

Styret i NDLA tok i 2014 initiativet til en forvaltningsrevisjon av NDLA.

Denne forvaltningsrapporten (NDLA 1) ble behandlet i fylkestinget i Hordaland fylkeskommune 08.03.16:

### Vedtak:

« På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapport av NDLA ber fylkestinget fylkesrådmannen og styret i NDLA syte for å:

1. Utarbeide ei oversikt over alle innkjøpsavtalar NDLA har med leverandørar.
2. Utarbeide rutinar for oppfølging og kontroll av alle innkjøp NDLA gjennomfører, som inneholder:
  - a) Rutinar for kontroll av etterleving av regelverk for offentlege anskaffingar, og
  - b) Rutinar for kontraktsoppfølging.
3. Etablere eit system for avvikshandtering.
4. Utarbeide ein kompetanseplan for innkjøpsaktivitet i NDLA.
5. Utbetre internkontrollen i NDLA, gjennom å sørge for:
  - a) Systematisk kontroll av at innkjøpsprioriteringar og innkjøpsaktivitet samsvarar, og
  - b) Sentralisert kontroll av om innkjøp er samstemt med føresegn i kontraktar og rammeavtalar.
6. Søke balansert leverandøravhengigheit i samsvar med innkjøpsstrategi.
7. Gjennomføre risikovurdering og etablerer internkontroll knytt til ev. leverandøravhengighet.
8. Utarbeide rutinar for kommunikasjon og rapportering mellom dagleg leiing og styret i NDLA.
9. Sikre at NDLA har ei fungerande styreform som sikrar kontroll og oppfølging av at organisasjonen blir drifta i samsvar med vedtekter.
10. Utarbeide rutinar for habilitet som er tilpassa innkjøpsaktiviteten i NDLA.
11. Sikre etterleving av innkjøpsstrategien sine etiske retningsliner for NDLA.
12. Sikre at dokumentasjon blir arkivert i samsvar med gjeldande lovverk og arkivrutinar.

13. Utarbeide rutinar som sikrar at det ikkje føreligg personlege interesser som kan innebere interessekonfliktar i anskaffingsprosessar som vert gjennomført av NDLA.
14. Etablere tydelege kanalar og rutinar for intern varsling.
15. Laga ein prioritert handlingsplan innan 1.6.2016 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»

NDLA har iverksett samtlige av disse tiltakene innen oppsatt frist. Dette innebærer at vi blant annet har fått vedtatt nye vedtekter med vedtak om ny styresammensetning, rutiner for interkontroll og varsling, nye innkjøpsrutiner og ny pedagogisk plattform.

Kontrollutvalget i Hordaland fylkeskommune sier i sitt vedtak av 30.10.17: «Kontrollutvalet seier seg nøgd med det som kjem fram i tilbakemeldinga frå NDLA når det gjeld forvaltningsrevisjon NDLA-1. Vidare oppfølging av forbettingsarbeidet i selskapet vert å komme tilbake til i samband med oppfølging av forvaltningsrevisjon av NDLA-2.»

## Rapport NDLA II

Med bakgrunn i behandlingen av den første forvaltningsrevisjonsrapporten i kontrollutvalget, ble det besluttet å bestille en utvidet forvaltningsrevisjonsrapport, NDLA II. Formålet, slik det er beskrevet i rapporten, er å avdekke om NDLA sine innkjøp, samhandling med leverandører og arbeidsmiljø samsvarer med regelverk, interne rutiner og etiske retningslinjer.

I forbindelse med behandlingen av forvaltningsrapport NDLA II ble det mottatt brev fra varslere med kommentarer til revisjonen. Kommentarene er svart ut av revisjonen i eget notat.

I rapport NDLA II kommer det fram at NDLA etter forrige revisjon har gjennomført et omfattende arbeid med å etablere og styrke system for økonomisk internkontroll i organisasjonen. Gjennomgang av anskaffelser gjort innen tekniske tjenester viser at konkurranse NDLA har gjennomført i perioden 2015-2016 er i samsvar med regelverk om offentlige anskaffelser. Det er oppnådd en balansert leverandøravhengighet innen tekniske tjenester ved at det er inngått rammeavtaler med 13 ulike leverandører. Den tidligere hovedleverandøren av tekniske tjenester er fortsatt blant leverandørene, men dette skjer i dag i konkurranse med andre leverandører og i et omfang med tydeligere avgrensninger enn det som var tilfelle tidligere.

Rapporten viser til ett brudd på forvaltningslovens forskrift om habilitet i forbindelse med tilrettelegging av grunnlag for beslutning. Dette gjelder deltagelse på konferanse i 2013.

I rapporten fremkommer det tre tilfeller der medarbeidere i NDLA har meldt fra om kritikkverdige forhold i samarbeidet. Oppfølgingen av varslingene har ikke vært tilfredsstillende. Det vises til at det har vært tilfeller av gjengjeldelse (reduksjon i arbeidsoppgaver) i strid med arbeidsmiljøloven. Fra og med mai 2016 har NDLA innført varslingsrutiner til bruk i samarbeidet.

På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapport av NDLA II ber fylkestinget i Hordaland i sitt vedtak 4.10.17 om at fylkesrådmannen og styret i NDLA syt for å:

- «1. Sikre at alle medarbeidarar i NDLA er tilstrekkeleg informert om relevante rutinar og internkontrolltiltak knytt til anskaffingar og innkjøp.
- 2. Etablere rutinar for fakturahandsaming som sikrar at det blir utført kontroll av at fakturaar frå leverandørar inneheld all naudsynt informasjon.
- 3. Fullføre arbeidet med å etablere rutinar for kommunikasjon og rapportering mellom dagleg leiing og styret.
- 4. Tydeleggjere overfor medarbeidarane i NDLA kven som har kva roller i samarbeidet når det gjeld innkjøp, samt korleis NDLA er organisert med omsyn til bestilling og avgjersler rundt utviklingsarbeid.
- 5. Gå gjennom og avklarar med dei ulike involverte partane korleis handsaming av personopplysningar om NDLA sine brukarar skal organiserast og dokumenterast, og inngår databehandleravtalar som manglar for å sikre at handsaming av personopplysningar blir regulert i samsvar med gjeldande regelverk.
- 6. Sikre at alle medarbeidarar i NDLA er tilstrekkeleg informert om system og rutinar for:
  - a. Avviksmelding og -handtering.
  - b. Varsling om kritikkverdige forhold.
- 7. Sikre at medarbeidarar som varslar om kritikkverdige forhold i samsvar med arbeidsmiljølova, blir følgt opp og teke hand om i samsvar med gjeldande føresegrn om vern mot gjengjelding ved varsling.
- 8. Å lage ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.12.2017 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgje opp tilrådingane i rapporten og kven som har ansvaret for iverksettinga»

Styret i NDLA og NDLA oversender handlingsplan innen fristen.

Styret fattet i sitt styremøte den 8.11.17 følgende vedtak: Styret ser svært alvorlig på det som forvalningsrevisionene har avdekket og ber styreleder gå i dialog med daglig leder med sikte på å finne løsninger som kan gjenopprette tilliten og omdømmet i selskapet.

Øivind Høines gikk av som daglig leder 10.11.17

Christer Gundersen er konstituert som daglig leder fram til ny leder tilsettes av nytt styre.

De nye vedtektena for NDLA, som nå er vedtatt i alle fylkestingene, trer i kraft fra og med 01.04.18. Vedtektena forutsetter et mindre styre som sitter tettere på daglig drift av NDLA. Dette styret vil ha støtte av et bredt sammensatt representantskap på vegne av alle eierne.

Fylkeskommunene har gjennom samarbeidet NDLA vist at vi tar ansvar for læremiddelsituasjonen i videregående opplæring i Norge. Vi er trygge på at NDLA er en naturlig del av det fremtidige tilbuet av læremidler.

John Arve Eide

Styreleder NDLA

13.11.17



**Notat**

Dato: 15.11.2017  
Arkivsak: 2017/16966-1  
Saksbehandlar: oydziem

---

Til: Utval for opplæring og helse

---

Frå: Fylkesrådmannen

---

**Brev frå Mattilsynet til Austevoll vgs med godkjenning av etablering av undervisningskonsesjon**

Vedlagt følgjer brev frå Mattilsynet datert 3. november 2017 til Austevoll vidaregåande skule med godkjenning av etablering av undervisningskonsesjon på eksisterande lokalitetar.

AUSTEVOLL VIDAREGÅANDE SKULE  
5392 STOREBØ

Deres ref:  
Vår ref: 2017/223068  
Dato: 3. november 2017  
Org.nr: 985399077

Statens tilsyn for planter, fisk, dyr og næringsmidler

 Mattilsynet

## Mattilsynet godkjenner etablering av undervisningskonsesjon på eksisterende lokaliteter

Mattilsynet viser til søknad om etablering av undervisningskonsesjon på eksisterende lokaliteter. Søknaden er datert 22.03.17 og ble videresendt fra Sogn og Fjordane fylkeskommune 17.10.17.

Utgangspunktet for å søke om en utvidet undervisningskonsesjon ved Lerøy Vest AS sine lokaliteter Flatøyflu og Kvernavik var å løse viktige utfordringer for Austevoll vidaregåande skule (Austevoll VGS) og havbruksbransjen.

### Saken gjelder

- 25835 Flatøyflu/ 24975 Kvernavika

### Vi har sett det nødvendig å fatte dette vedtaket:

#### Vedtak om godkjenning

**Austevoll Vidaregåande skule får godkjenning til å etablere undervisningskonsesjon på lokalitene 25835 Flatøyflu og 24975 Kvernavika.**

Vedtaket er fattet med hjemmel i forskrift om utvidelse av akvakulturanlegg mv § 5 Krav om godkjenning

#### Vi har observert:

Hordaland Fylkeskommune v/ Austevoll Vidaregåande skule søker om utvidelse av eksisterende undervisningskonsesjon for oppdrett av laks og regnbueørret, fra MTB 130 tonn til MTB 780 tonn. Undervisningskonsesjonen blir søkt inn på to eksisterende mattisklokaliteter, 25835 Flatøyflu (MTB 3120 tonn) og 24975 Kvernavika (MTB 3900 tonn), tilhørende samarbeidspartneren Lerøy Vest AS. Det vil ikke innebære en endring av arealbruken eller økning av MTB ved lokalitetene. Søknaden innebærer at lokalitet Brattavika lok.nr. 11488 må strykes fra denne konsesjonen.

Anleggene Flatøyflu og Kvernavika er lokalisert i to ulike brakkleggingsområder, slik at det alltid vil være fisk tilgjengelig på en av lokalitetene. Dette sikrer kontinuitet og stabilitet for elevene og skolen. Samarbeid med Lerøy Vest AS sikrer tilgang på kvalifisert mannskap, teknisk apparat og avanserte avanserte administrative system (IK-system og avviksbehandling).

I kommersielt havbruk brukes merder med en omkrets på 157 m, med 750-1000 tonn per merd. Effektivt volum i en slik merd er ca. 50 000 m<sup>3</sup>. Tetthet i merdene er ca 15 kg/m<sup>3</sup>, og biomassen er på ca. 700-800 tonn pr merd. Bruken av standardisert merdstørrelse gjør logistikken og driften enklere enn om man skulle brukt en mindre produksjonsenhett. En utvidelse av eksisterende tillatelse fra MTB 130 tonn til MTB 780 tonn gir elevene et direkte innblikk i kommersiell produksjon og dermed en undervisning basert på reelle arbeidsforhold i bransjen.

Lokalitetene består av moderne utstyr med plastmerder i rammefortøyning, topp moderne fôringsanlegg, kamera i alle merder og miljøstasjon som kan logge flere parametere som bl.a. temperatur, strøm og salinitet. Anlegg med denne størrelsen har også egen lokalitetsbåt med kran og moderne navigasjonsutstyr.

Hovedaktiviteten blir på Flatøyflu, som ligg i brakkleggingssone høst partal og alternativ aktivitet på lokalitet Kvernavik som ligg i høst oddetal sone.

Flatøyflu og Kvernavik ligger bare 8 km fra skolen.

Lerøy Vest AS har flere framtidsrettede miljøtiltak, som bruk av biologisk avlusing med rensefisk (leppefisk og rogn kjeks), fokus på reine nøter, fôrforbruk og tilvekstfôring. Det siste er en strategi med fokus på redusert fôrforbruk, optimal fôrfaktor og kortere produksjonstid.

Mattilsynet vurderer dette slik:

I etableringsforskriften § 5 står det blant annet at vesentlig endring av allerede godkjente akvakulturanlegg skal godkjennes av Mattilsynet.

I § 7 i samme forskrift står at endringer som godkjennes ikke skal innebære uakseptabel risiko for spredning av smitte til eller fra anlegget. Endringen som godkjennes skal sikre at anlegget kan ivareta at fisken får et godt levemiljø og god dyrevelferd.

Det skal foreligge et internkontrollsysteem som sannsynliggjør at krav til smittehygienisk og velferdsmessig forsvarlig drift, herunder beredskapsplan, risikobasert helsekontroll, opprettholdelse av god vannkvalitet og journalfôring, kan etterleves.

Det søkes om etablering av undervisningskonsesjon på eksisterende lokalitet, men arealbruk og lokalitetsMTB vil være uendret. Austevoll Vidaregåande skule har lagt ved en fyldig beskrivelse av samarbeidsprosjektet med Lerøy Vest AS. Skolen sikrer rekruttering av kompetent arbeidskraft til næringen, og Lerøy Vest AS sikrer realistisk opplæring i nærområdet til skolen. Samarbeidet er både fornuftig og bærekraftig for begge parter.

Vedlagt søknaden ligger et omfattende og troverdig internkontrollsysteem og oppdaterte beredskapsplaner til de omsøkte lokalitetene.

Mattilsynet vurderer at det omsøkte vil ikke påvirke fiskehelsen eller fiskevelferden i nevneverdig grad, hverken på lokalitetsnivå eller i området der lokalitetene er plassert. Vi godkjenner derfor at Austevoll Vidaregåande skule får etablere undervisningskonsesjon på lokalitetene Flatøyflu og Kvernavika.

Mattilsynet vil vurdere å trekke godkjenningen tilbake dersom virksomheten ikke overholder vesentlige forhold i vilkårene for godkjenningen eller ikke oppfyller vesentlige krav i regelverket. Mattilsynet skal til enhver tid holdes orientert om hvem som er ansvarlig for virksomheten.

**Se regelverk og rettigheter.**

Med hilsen

Arne Oftedal  
avdelingssjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og sendes uten signatur.  
Dokumenter som må ha signatur blir i tillegg sendt i papirversjon.*

Kopi til:  
Sogn og Fjordane Fylkeskommune

Vedlegg:  
Regelverk og rettigheter  
Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak



## Regelverk og rettigheter

### Mattilsynet kan føre tilsyn og fatte nødvendige vedtak

Mattilsynet har hjemmel i loven til å føre tilsyn og fatte nødvendige vedtak. Hjemmelen i denne saken er matloven § 23 / dyrevelferdsloven § 30 / dyrehelsepersonelloven / forskrift om omsetning av reseptfrie legemidler § 18.

### Du har rett til å få veiledning om regelverket

Dette betyr at du kan kreve å få vite hvilket regelverk som gjelder, hvor du finner regelverket og hvordan regelverket skal forstås. Mattilsynet kan ikke gi konkrete råd om hvordan du skal oppfylle regelverket. Plikten til å veilede følger av forvaltningsloven § 11.

### Klagerett

Det er klagerett på enkeltvedtak. Fristen for å klage er tre uker etter at dere har mottatt informasjon om vedtaket, jf. forvaltningsloven §§ 28 og 29. Dere finner mer informasjon om klageretten i vedlegget Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak.

### Gebyr ved oppfølgingstilsyn:

Dersom Mattilsynet må gjennomføre et nytt fysisk tilsynsbesøk i saken, vil det bli tilagt et gebyr på kr 2255,-. Krav om gebyr er hjemlet i forskrift 22. desember 2008 nr. 1621 om offentlig kontroll med etterlevelse av regelverk om fôrvarer, næringsmidler og helse og velferd hos dyr (kontrollforskriften) § 1, jf. kontrollforordningen artikkel 28, jf. forskrift 28. januar 2004 nr. 221 om avgifter og gebyr i matforvaltningen § 15a.

### Vi har vurdert saken etter dette regelverket

- Lov 19. des. 2003 nr. 124 om matproduksjon og mattrøygghet mv (matloven )
- FOR 2008-06-17 nr 823: Forskrift 17. jun. 2008 nr. 823 om etablering og utvidelse av akvakulturanlegg, zoobutikker m.m (forskrift om utvidelse av akvakulturanlegg mv )



<b>Avsender</b>	<b>Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak</b> (Forvaltningsloven § 27)	
Mattilsynet Avdeling Hardanger og Sunnhordaland Felles postmottak, Postboks 383 2381 Brumunddal		
<b>Mottaker (navn og adresse)</b>	<b>Dato</b>	<b>Klageinstans</b>
AUSTEVOLL VIDAREGÅANDE SKULE 5392 STOREBØ	3. november 2017	Mattilsynet, hovedkontoret

Denne meldingen gir viktige opplysninger hvis du ønsker å klage over vedtak du har fått underretning om.

<b>Klagerett</b>	Du har rett til å klage over vedtaket.
<b>Hvem kan du klage til</b>	Klagen sender du til oss, dvs. avsenderen av dette vedtaket. Hvis vi ikke tar klagen til følge, sender vi den til klageinstansen for endelig avgjørelse.
<b>Klagefrist</b>	Klagefristen er tre uker fra den dag du mottar dette brevet. Det er tilstrekkelig at klagen er postlagt før fristen løper ut. Dersom du klager så sent at det kan være uklart for oss om du har klaget i rett tid, ber vi deg oppgi den datoene du mottok dette brevet. Dersom du klager for sent, kan vi se bort fra klagen. Du kan søke om å få forlenget klagefristen. Vi ber deg da nevne grunnen til at du ønsker det.
<b>Rett til å kreve begrunnelse</b>	Dersom du mener vi ikke har begrunnet vedtaket, kan du kreve å få begrunnelse. Slik krav må i så fall sendes oss før klagefristen utløper. Klagefristen blir da avbrutt, og ny frist på tre uker begynner å løpe fra det tidspunktet du mottar begrunnelsen.
<b>Klagens innhold</b>	I klagen må du nevne: <ul style="list-style-type: none"> <li>• hvilket vedtak du klager over</li> <li>• årsaken til at du klager</li> <li>• den eller de endringene du ønsker</li> <li>• eventuelt andre opplysninger som kan ha betydning for vår vurdering av klagen</li> </ul> Du må undertegne klagen.
<b>Utsetting av vedtaket</b>	Vedtaket er ment å skulle gjennomføres innen den fastsatte fristen. Dette gjelder selv om du klager på vedtaket. Du kan søke om å få utsatt iverksettingen inntil klagefristen er ute eller klagen er avgjort.
<b>Rett til dokumentinnsyn og veiledning</b>	Du har som hovedregel rett til å se dokumentene i saken etter forvaltningsloven §§ 18 og 19. Du må i så fall kontakte oss. Da kan du også få nærmere veiledning om klageretten, om fremgangsmåten ved klage og om reglene for saksbehandlingen ellers.
<b>Kostnader ved klagesaken</b>	Du kan søke om å få dekket utgifter til nødvendig advokathjelp etter reglene om fritt rettsråd. Vanligvis gjelder visse inntekts- og formuegrenser. Fylkesmannen eller advokaten din kan gi nærmere veiledning. Uavhengig av denne ordningen, kan du etter forvaltningsloven § 36 kreve dekning for vesentlige kostnader som følge av klagen dersom Mattilsynet omgjør vedtaket. Dette vil for eksempel kunne omfatte utgifter til advokathjelp. Ved en omgjøring av vedtaket som følge av klagen, vil vi orientere deg om denne rettigheten.
<b>Klage til Sivilombudsmannen</b>	Hvis klagen ikke har ført frem og du mener at Mattilsynet har utsatt deg for urett, kan du klage til Stortingets ombudsmann for forvaltningen (Sivilombudsmannen). Sivilombudsmannen kan ikke selv endre vedtakene, men kan gi sin vurdering av hvordan vi har behandlet saken og om vi har begått feil eller forsømmelser.





**Notat**

Dato: 07.12.2017  
Arkivsak: 2017/16658-2  
Saksbehandlar: sunschu

---

Til: Utval for opplæring og helse  
Fylkesutvalet

---

Frå: Fylkesrådmannen

---

**Melding om vedtak frå Utdanningsdirektoratet - Godkjenning av alternativ fag- og timefordeling på studiespesialisering ved St. Paul gymnas**

Utdanningsdirektoratet har godkjent alternativ fag- og timefordeling på utdanningsprogram for studiespesialisering ved St. Paul gymnas, sjå vedlagde vedtak.

Vedlegg

- 1 Vedtak om godkjenning - endring etter friskoleloven - St. Paul gymnas

Vår saksbehandler: Magne Hopland Engebretsen

Vår dato:

31.10.2017

Vår referanse:

2005/2022

St. Paul gymnas  
gymnas@stpaul.no

Deres dato:

24.10.2016

Deres referanse:

## **Vedtak om godkjenning – Fleksibilitet i fag- og timefordeling ved godkjent friskole - St. Paul gymnas (org.nr. 916593473)**

Utdanningsdirektoratet viser til søknad fra St. Paul gymnas datert 24. oktober 2016.

Vi beklager at skolen ikke tidligere har mottatt svar på søknaden.

St. Paul gymnas søker om å få godkjent alternativ fag- og timefordeling på Utdanningsprogram for studiespesialisering etter friskoleloven § 2-3.

### **Vedtak**

Utdanningsdirektoratet imøtekommer søknaden fra St. Paul gymnas (org.nr. 916593473) etter friskoleloven § 2-3.

### **Rettslig grunnlag**

I friskoleloven § 2-3 heter det:

*Skolen skal drive verksemda si etter læreplanar godkjende av departementet. Det må gå fram av planen kva slag vurderingsformer og dokumentasjon skolen skal nytte. Skolane skal anten følgje den læreplanen som gjeld for offentlege skolar, eller læreplanar som på annan måte sikrar elevane jamgod opplæring, jf. opplæringslova1 § 2-1 første ledd og § 3-4 første ledd. Elles har skolen sin undervisningsfridom. I samband med godkjenninga fastset departementet kva for tilbod skolen kan gi, og maksimalt elevtal på det enkelte tilbodet.*

*Departementet kan gi forskrift om krav til læreplanen, vurdering av elevar, klage på vurdering, eksamen og dokumentasjon. Departementet gir forskrift om aktivitetar i grunnskolen som ikkje er opplæring i fag. Departementet kan også gi forskrift om fritak frå opplæring i sidemålet for elevar i grunnskolen som får særleg språkopplæring, om godskriving av tidlegare gjennomgått vidaregåande opplæring eller praksis, og om fritak for den praktiske delen av kompetansemåla i faget kroppsøving i den vidaregåande skolen*

### **Utdanningsdirektoratets vurdering**

Utdanningsdirektoratet har gjennomgått søknaden til St. Paul gymnas og finner at den innsendte fag- og timefordelingen oppfyller de kravene som er satt for alternativ fag- og timefordeling.

I veileningen [Fleksibilitet i fag- og timefordelingen](#) er rammene for skolers mulighet til å legge fag på andre trinn enn det som framgår av den nasjonale fag- og timefordelingen i rundskriv Udir-01 2017 beskrevet. For offentlige skoler kan skoleeieren fastsette lokal

**Postadresse:**

Postboks 9359 Grønland, 0135 OSLO

**Telefon**

+47 23 30 12 00

**Besøksadresser:**

Schweigaards gate 15 B, Oslo  
Britveien 4, Molde  
Parkgata 36, Hamar

**Telefaks:**

+47 23 30 12 99

**E-post:**

post@utdanningsdirektoratet.no

**Internett:**

www.utdanningsdirektoratet.no

**Bankgiro:**

7694 05 10879

**Org.nr.:**

NO 970 018 131 MVA



forskrift om endret fag- og timefordeling. For friskoler må skoleeier søke Utdanningsdirektoratet for å få godkjent denne endringen etter friskoleloven § 2-3.

På lik linje som for offentlige skoler, må friskoler oppfylle krav knyttet til at videregående opplæring skal ha like mange fag og timer og like mange obligatoriske eksamener. Elever med alternativ fag- og timefordeling skal altså ikke ha færre fag, timer eller eksamener.

St. Paul Gymnas ønsker å kunne tilby elever en alternativ organisering av fagene på Utdanningsprogram for studiespesialisering som innebærer at de starter med programfag fra Vg1, samt at noen av fellesfagene blir lagt på andre årstrinn enn det som følger av den nasjonale fag- og timefordelingen i rundskriv Udir-01-2017.

Siden elevene har en annen prosesjon for programfagene, innebærer dette at elevene i Vg3 vil måtte gå opp i skriftlig eksamen i norsk hovedmål og sidemål, samt det programfaget som eleven tar.

Fag	Vg1 St. Paul	Vg2 St. Paul	Vg3 St. Paul
Norsk	113	112	168
Engelsk	140		
Matematikk	140	84/140	
Naturfag	140		
Samfunnssfag	0	84	
Geografi	56		
Kroppsøving	56	56	56
Historie	0	56	113
Religion og etikk			84
Programfag Kristendom	84	56	
Fremmedspråk	113	112	
Programfag eget programområde	140	280	140
Programfag fra stud. Utdanningsprogram		140	
Sum	982	980/1036	561

Totalt timetall St. Paul	Totalt timetall LK06
2523/2579	2523/2579

For de elevene ved skolen som ønsker å få opplæring i tråd med den innsendte fag- og timefordelingen, innebærer dette at de i har flere timer i Vg1 og Vg2, og færre timer i Vg3. Elevene som velger å følge den alternative fag- og timefordelingen, må i forkant av skoleåret bestemme seg for dette. Dersom en elev avbryter opplæringen i et fag i løpet av året, vil dette kunne medføre at eleven må ta faget som privatist.

<b>Postadresse:</b> Postboks 9359 Grønland, 0135 OSLO	<b>Telefon</b> +47 23 30 12 00	<b>E-post:</b> post@utdanningsdirektoratet.no	<b>Bankgiro:</b> 7694 05 10879
<b>Besøksadresser:</b> Schweigaards gate 15 B, Oslo Britveien 4, Molde Parkgata 36, Hamar	<b>Telefaks:</b> +47 23 30 12 99	<b>Internett:</b> <a href="http://www.utdanningsdirektoratet.no">www.utdanningsdirektoratet.no</a>	<b>Org.nr.:</b> NO 970 018 131 MVA



Vi gjør oppmerksom på at skolen ikke vil få tilskudd for den opplæring de får på universitetet. Godkjenningen innebærer ikke at St. Paul gymnas blir godkjent for å tilby opplæring på universitetsnivå. Det er Universitetet eller høyskolen som har det faglige ansvaret for sluttvurdering, eksamensuttrekk og dokumentasjon ved universitetet. Friskoler kan ikke selv gi opplæring i fag utover videregående opplæring de er godkjent for. Eleven som forserer fag kan imidlertid av praktiske grunner bruke den «frigitte skoletiden» de får på grunn av forseringen til å følge opplæringen i faget som er gitt ved universitet/høyskole. Dette må den enkelte skolen og universitetet/høyskolen selv organisere seg imellom, og innenfor de rammer som friskoleloven med forskrifter tillater.

Elever som følger opplæring i fag som gjør at de ett år har flere timer enn det som følger av fag- og timefordelingen på programområdet i UDIR 01-2017, vil ikke utløse tilskudd for mer enn 1 elev året det gjelder. Eleven vil da i Vg3 også utløse tilskudd for 1 elev.

#### Risiko for feil. Informasjon til elever og foreldre

Elever som følger en alternativ fag- og timefordeling, kan være mer utsatt for feil som blir oppdaget når skolen skriver ut vitnemål. Det er skoleeier som har ansvaret for at regelverket blir fulgt, og som har ansvaret for eventuelle feil. Feil gjort av skolen gir i seg selv ikke grunnlag for dispensasjon etter forskrift til friskoleloven § 3-38.

Friskoler som har godkjent en alternativ fag- og timefordeling, må sørge for god informasjon til elever, foreldre om de nye tilbudene. Vi minner også om elevenes rett til nødvendig utdannings- og yrkesrådgivning, jf. friskoleloven § 3-11, samt forskrift til friskoleloven kapittel 7.

En friskole som tilbyr en alternativ fag- og timefordeling, må legge til rette for at elever som bytter skole, ikke blir skadelidende. Alle elever skal ha mulighet til å følge et utdanningsløp som gir vitnemål dersom løpet er fullført og bestått.

Elever bytter også skole mellom fylker. Friskolen må derfor informere elever og foreldre om eventuelle konsekvenser av å følge en alternativ fag- og timefordeling, for eksempel hvis eleven bytter til en skole i et annet fylke. Å velge et alternativt løp kan føre til at elevene har færre valg til Vg2 og Vg3. En elev som bytter fra et alternativt løp til et ordinært løp, må regne med å ta fag som eleven mangler for å få vitnemål.

#### Konklusjon

På bakgrunn av det ovenstående finner Utdanningsdirektoratet å kunne imøtekommе søknaden om godkjenning etter friskoleloven § 2-3.

#### **Informasjon om klagemulighet**

Utdanningsdirektoratets vedtak kan klages inn for Kunnskapsdepartementet. Etter forvaltningsloven § 29 er fristen for å klage tre uker fra det tidspunkt underretning om vedtaket er kommet frem. Etter forvaltningsloven § 32 er det nærmere regler om klagens adressat, form og innhold. Det understrekkes at klagan skal sendes det forvaltningsorgan som har truffet vedtaket. Etter forvaltningsloven §§ 18 og 19 har parten rett til å se sakens dokumenter.

<b>Postadresse:</b> Postboks 9359 Grønland, 0135 OSLO	<b>Telefon</b> +47 23 30 12 00	<b>E-post:</b> post@utdanningsdirektoratet.no	<b>Bankgiro:</b> 7694 05 10879
<b>Besøksadresser:</b> Schweigaards gate 15 B, Oslo Britveien 4, Molde Parkgata 36, Hamar	<b>Telefaks:</b> +47 23 30 12 99	<b>Internett:</b> <a href="http://www.utdanningsdirektoratet.no">www.utdanningsdirektoratet.no</a>	<b>Org.nr.:</b> NO 970 018 131 MVA



Vennlig hilsen

Einar Simonsen Plahter  
avdelingsdirektør

Magne Hopland Engebretsen  
seniorrådgiver

Kopi:  
Kunnskapsdepartementet  
Hordaland fylkeskommune  
Fylkesmannen i Hordaland  
Lånekassen

**Postadresse:**  
Postboks 9359 Grønland, 0135 OSLO  
**Besøksadresser:**  
Schweigaards gate 15 B, Oslo  
Britveien 4, Molde  
Parkgata 36, Hamar

**Telefon**  
+47 23 30 12 00  
**Telefaks:**  
+47 23 30 12 99

**E-post:**  
post@utdanningsdirektoratet.no  
**Internett:**  
[www.utdanningsdirektoratet.no](http://www.utdanningsdirektoratet.no)

**Bankgiro:**  
7694 05 10879  
**Org.nr.:**  
NO 970 018 131 MVA



ORDFØRAREN

Direkte telefonnr.:  
53423010

Vår dato:  
05.12.2017

Dykkar dato:

Vår referanse:  
2016/147-02929961/2017

Dykkar referanse:

HORDALAND FYLKESKOMMUNE  
v/fylkesordførar  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

## UTTALE TIL FYLKESUTVALET - VG2 MARITIME FAG RVS

Bømlo kommunestyre stiller seg samråystes bak følgjande vedtak gjort i Utval for opplæring og helse 28.11.2017:

*«OPHE viser til at Vg2 maritime fag skal fortsatt være søkbart tilbod ved Rubbestadneset.  
Dersom det vil være nok søknad til å fylle to klasser ber utvalget om at det blir opprette to klasser også kommende skoleår»*

Bømlo kommunestyre er glad for eit slikt signal frå utvalet. Rederia og den maritime industrien er viktig for Bømlo. Denne næringa har vist stor vilje til å tilby læreplassar for elevar frå maritime fag. Dette har dei også gjort i nedgangstida for denne industrien. Det er eit viktig at desse vert lytta til når ein utformar det vidaregåande fagtilboden.

Me viser også til SURF – Skipsfartens Utdannings og Rekrutteringsforum, sin uttale om saka. SURF består mellom anna av medlemmar frå rederia Solstad Farstad, DOF, Eidesvik, Østensjø, Knutsen, Gulf og Møkster.

Dei skriv mellom anna:

*«Rubbestadneset videregående skule har vært en viktig bidragsytar i det å tilføre dyktige elever for læreplasser i maritim industri, primært i regionen Haugalandet. Skolen er også viktig for å sikre tilførsel av nok kandidatar til teknisk fagskole, da en vet erfaringsmessig at en del eler faller fra gjennom utdanningsløpet til det å bli offiser.»*

Vidare konkluderer dei med å be om at antall elevplassar ved VG2 maritime fag vert halde oppe på nivået ein har i dag.

Bømlo kommunestyre er også glad for at fylkesrådmannen gjer framlegg om å gjera tilboden «VG2 Industriteknikk» ved Rubbestadneset vgs søkbart i VIGO.

Det er viktig med eit godt samarbeid mellom kommune, næringsliv og den vidaregåande opplæringa. Me vonar at innstillinga frå Utval for helse og opplæring også vert vedteke i Fylkesutvalet 07.12.2017.

Med helsing  
Ordføraren i Bømlo

Odd Harald Hovland

*Dette brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift*



## Notat

Dato: 15.11.2017  
Arkivsak: 2017/16965-1  
Saksbehandlar: oydziem

---

Til: Utval for opplæring og helse

---

Frå: Fylkesrådmannen

---

### **Tilsegn om utviding av undervisningsløyve til akvakultur**

Vedlagt følgjer brev frå Fiskeridirektoratet datert 6. oktober 2017 til Austevoll vidaregåande skule med tilsegn om utviding av undervisningsløyve til akvakultur med laks, aure og regnbogeaure til undervisningsføremål.



## FISKERIDIREKTORATET

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Adm.enhet: Tildelingsseksjonen  
Sakshandsamar: Elise Bølgen  
Telefon:  
Vår referanse: 17/5667  
Dykkar  
referanse:  
Dato: 06.10.2017

Att:  
Roy Dahle

### **Hordaland Fylkeskommune ved Austevoll Vidaregåande Skule - Tilsegn om utviding av undervisningsløyve til akvakultur med laks, aure og regnbogeaure til undervisningsføremål**

Vi viser til Dykkar søknad motteke her den 11. april 2017, kor det vert søkt om utvida undervisningsløyve for oppdrett av laks og regnbogeaure, frå MTB 130 tonn til MTB 780 tonn.

Søkjar har sendt inn kvittering for betalt saksbehandlingsgebyr på kroner 12.000,-.

#### **1. Søknaden**

##### 1.1 Innleiing

Hordaland fylkeskommune ved Austevoll Vidaregåande skule (heretter Austevoll vgs/skulen), søker om utvida undervisningsløyve for oppdrett av laks og regnbogeaure, frå MTB 130 tonn til MTB 780 tonn. Det opphavelege undervisningsløyvet (HAV0065) vart utstedt av Fiskeridirektoratet den 12.02.2002.

Dersom løyve vert gjeve, skal Lerøy Vest AS (heretter Lerøy Vest) drifte denne i 10 år etter avtale med skulen. Etter avtalen får alle elevar utplassering ved Lerøy Sjøtroll, samt gjennomført alle læreplanmåla i løpet av utdanninga. Skulen vil også få tilgang til heile verdikjeda i Lerøy Seafood Group ASA.

Det går fram av innsendt søknad at undervisningsløyve vert søkt knyta til Lerøy Vest sine matfisklokalitetar 25 835 Flatøyflu og 24 975 Kvernavik. Desse to anlegga er lokalisert i to ulike brakkleggingssonar, og det går fram av søknaden at det alltid vil vere

fisk tilgjengelig på ein av lokalitetane. Vidare er det opplyst om at lokaliteten 11 488 Brattavika skal strykast.

### 1.2 Om Austevoll Vidaregåande skule

Det følgjer av innsendt fylgjeskriv at Austevoll vgs er ein maritim skule som tilbyr utdanning innan fiskeri, akvakultur, maritime fag, matros og motormann. Skulen er ein av to skular i Hordaland som tilbyr Vg2 akvakultur. Skulen har per 2017 om lag 140 elevar, og ligg i Austevoll kommune.

Austevoll vgs er lokalisert ved sjøen på austsida av Huftarøy. Det er opplyst at dei tenkte undervisningslokalitetane ligg i kort avstand med båt:

*«Et viktig moment for å vurdere eit samarbeid med ei verksemd er undervisningslokaliteten sin nærleik til skulen og at den er tilrettelagt undervisning, samt at lokaliteten har moderne utstyr. Den omsøkte undervisningskonsesjonen vil vere tilknytt LS sine anlegg Flatøyflu og Kvernavik, som berre ligg 8 km fra Austevoll VGS. Med ein snittfart på 10 knop er berekna reisetid på 30 minutt.»*

Om utdanningstilbodet vert det mellom anna opplyst om at:

*«Innanfor utdanningsprogrammet for Naturbruk kan ein ved Austevoll VGS gjennomføre programområdet Naturbruk i første skuleår (Vg1), mens i andre skuleår (Vg2) kan ein velje mellom programområda Akvakultur eller Fiske & Fangst. Etter ferdig Vg2 Akvakultur kan elevane fortsetje vidare som lærling i bedrift over 2 år (Vg3 Akvakulturfaget), som vil gi eit fagbrev og ein er kvalifisert til å arbeide som fagoperatør i akvakultur. Skulen tilbyr teknisk fagskule Akvakultur etter ferdig fagbrev for dei som ynskjer å verte betre kvalifisert til mellomleiarstillingar innan havbruk. Det finst fleire vegar for å gå vidare på høgare utdanning. Enkelte studieliner ved høgskular/universitet krev berre fagbrev (Y-veien), mens ved andre må ein gjennomføre Vg3 påbygging til generell studiekompetanse eller studieførebuande Vg3 naturbruk.»*

Under overskrifta 'Tal på elevar' i følgjeskrivet er det vist til at det alltid har vore ei god søknadsmasse til naturbruk (Vg1) ved skulen, og at skulen på landsbasis har vore ein av dei største blå naturbrukskulane. Det er vist til at skuleåret 08/09 hadde svake søkeretal til Naturbruk, noko som har tatt seg opp igjen dei seinare åra. I dei tre siste åra har det vore 10, 13 og 17 elevar ved akvakulturlina.

I følgjeskrivet under overskrifta 'Kvifor er det trond for ein undervisningskonsesjon' er det gjeve ei utgreiing av læreplanmål som er retta mot akvakultur, og det vert framheva at eit undervisningsløyve vil ha stor tyding for kvaliteten på skuletilbodet og rekrutteringa til havbruksrelaterte yrke. Det er i søknaden vist til at ei utviding av løyve frå MTB 130 til MTB 780 vil gi elevane eit direkte innblikk i kommersiell produksjon og dermed blir undervisningen basert på reelle arbeidsforhold i bransjen: «*Ei utviding av undervisningskonsesjonen til MTB 780 t vil sikra at verksemada retter drifta meir mot undervisning enn det til no har vore ynskjeleg å gjennomføre med dagens konsesjon på 130 t. For at skulen skal ha moglegheit til å drive samlokalisert med ein aktør er det derfor naudsynt at*

*storleiken på konsesjonen er tilsvarende lik storleiken til ein ordinær merd for å standardisere og effektivisere drifta.», jf. punkt 3.5 i følgjeskrivet.*

### 1.3 Om samarbeidspartner Lerøy Vest

Elevane ved skulen vil få utplassering ved Lerøy Sjøtroll, og ettersom Lerøy Sjøtroll er ein del av Lerøy Seafood Group ASA vil elevane derfor få tilgang til heile prosessen frå stamfisk, rogn, setjefisk, matfisk, slakt/foredling og marknad. Hovudaktiviteten vert på Flatøyflu, som ligg i brakkleggingszone haust partal og alternativ aktivitet på lokalitet Kvernavik som ligg i haust oddetal sone.

### 1.4 Bruk av løyvet i utdanninga

Det går fram at målet med avtala er å etablere eit breiare praksissamarbeid særleg retta mot havbruksnæringa, og at ein ønsker å bidra til kompetansebygging for næringa ved å bidra til Austevoll vgs sitt undervisningstilbod. Avtalen skal mellom anna sikre at skulen sine elevar som skal ut i praksis får gjennomført og godkjent praksis i tråd med praksisplan for Akvakultur.

Inntektene frå utleige av løyvet skal nyttast til å bygge opp eit undervisningsfond eigmendig for Austevoll vgs. Føremålet med fondet skal vere å finansiere, heilt eller delvis, undervisningsprosjekt, rekrutteringsprosjekt eller tiltak som skuleeigar åleine eller saman med næringa, Lerøy Vest eller andre, ønskjer å gjennomføre for å styrke dei blå faga i vidaregåande opplæring ved Austevoll vgs.

### 1.5 Avtalen mellom Hordaland fylkeskommune og Lerøy Vest

#### 1.5.1 Om avtalen

Vedlagt søknad er signert avtale mellom Hordaland fylkeskommune ved Austevoll vgs og Lerøy Vest, om «*samarbeid innan undervisning for akvakulturnæringa og i denne samanheng utleige og operativ drift av undervisningsløyve for oppdrett av laksefisk*». Avtalen vart underteikna 10. mars 2017.

Føremålet med avtalen er mellom anna å sikre at både den teoretiske og praktiske opplæringa i havbruksfaga ved skulen vert av betre kvalitet, og endå betre planlagt og gjennomført i tråd med kunnskapsløftet og læreplanane sine intensjonar og mål. Avtala skal sikre «*sterkare band og betre samarbeid mellom Skule og næringsliv, som igjen fører til endå betre samsvar mellom næringa sine behov og den måten undervisninga til ei kvar tid føregår på.*» Vidare følgjer det at:

«*Avtala og samarbeidet skal sikre at skulen sine elevar som skal ut i praksis får gjennomført og godkjent praksis i tråd med praksisplan for Akvakultur. Framstilling i søknad om Løyve skal danne eit rammeverk for organisering av samarbeid rundt praksisopphald på lokalitetane til Oppdrettar.*»

Punkt 3 i avtalen gjeld etablering og drift av samarbeidet, og det følgjer under punkt 3.1 om ‘Utleie av løyve’ at føresetnaden for utleige av løyve er at elevane ved skulen får tilgang til

praksisplassar hos oppdrettar, på nærmere definerte lokalitetar der løyve vert driven. Vidare følgjer det mellom anna under punkt 3.2 om 'Partane sine plikter ved oppstart av samarbeidet':

- « a) Oppdrettar skal planlegge, finansiere og sette i verk utbygging/tilpassing av anlegget til Løyve innafor rammene av tildelinga, og elles sørge for det som er nødvendig for at Løyve kjem i operativ drift innan 3 månader etter at konsesjonen er innvilga.
- d) Oppdrettar skal gjere alle nødvendige førebuingar for å drifte Konsesjonen til beste for Partane, og til oppfylling av formåla med denne Avtala. Oppdrettar skal sette opp nødvendige dagleg leiing og koordinering i anlegga der Konsesjonen blir plassert.
- i) Skulen skal medverke til at anlegg og lokalitetar blir klargjort for operativ drift innan tidsfristen, og i den forbindelse gi all praktisk bistand som er naudsynt. Det vil vere faglærar for vg2 akvakultur som er ansvarleg for dette på vegne av Skulen. Ev. kan skulen sine lokale brukast til undervisning.
- j) Skulen skal utarbeide ein årsplan/undervisningsplan som viser korleis lokalitetane skal takast i bruk av skulen det første skuleåret, og sende denne til Oppdrettar innan utgangen av mai.»

Vidare går det mellom anna fram under punkt 3.3 bokstav a) om 'Partane sine plikter før oppstart av kvart skuleår' at: «Skulen skal før kvart skuleår utarbeide ein årsplan/undervisningsplan som viser korleis lokalitetane skal takast i bruk av Skulen, og samtidig rapportere kor mange elevar ein reknar med neste skuleår. Utkast til årsplan skal sendast Oppdrettar ved skulestart. Ein slik undervisningsplan er likevel ikkje bindande og Oppdrettar må rekne med å ta imot praksiselever utanom dei oppsette vekene i skuleåret.»

I punkt 5 om 'Økonomi – undervisningsfond' går det fram at leigeinntektene skal nyttast til å bygge opp eit undervisningsfond eigmendt av Hordaland Fylkeskommune. Føremålet med fondet skal vere å finansiere, heilt eller delvis, undervisningsprosjekt, rekrutteringsprosjekt eller tiltak som skuleeigar åleine eller saman med næringa, oppdrettar eller andre, ønskjer å gjennomføre for å styrke dei blå faga i vidaregåande opplæring ved Austevoll vgs. Desse prosjekta eller tiltaka kjem i tillegg til ordinær drift på skulen.

Dei økonomiske sidene av leidgetilhøva vert regulert i særskilt vedlegg til avtala. Av vedlegg til avtala går det fram at leiga for undervisningskonsesjonen er samansett av to ulike element: fast årleg leige og variabel leige.

## **2. Fiskeridirektoratet si vurdering**

### **2.1 Fiskeridirektoratet si vurdering av dispensasjon frå utleigeforbodet**

Det følgjer av akvakulturlova § 19 tredje ledd at «[u]tleie av akvakultur ikke er tillatt.

*Departementet kan i særlig tilfeller gjøre unntak fra forbudet mot utleie.* Det går ikkje utrykkeleg fram av søknaden at det vert søkt om dispensasjon i frå utleigeforbodet, men på bakgrunn av søknaden og den foreslalte drifta av løyvet, legg Fiskeridirektoratet til grunn at Hordaland fylkeskommune søker om dispensasjon i frå utleigeforbodet.

Heimelen til å gje dispensasjon frå utleigeforbodet er delegert til Fiskeridirektoratet, jf. brev datert 19. desember 2007. Det følgjer av forarbeida i Ot.prp.nr.61 (2004-2005) på side 26 og 71, at føremålet med utleigeforbodet er å sikre at det er eigar av akvakulturløyvet som faktisk driver akvakulturverksemda.

Det er klart at avtalen mellom Hordaland fylkeskommune og Lerøy Vest AS er ei avtale om utleige av eit eventuelt løyve til akvakultur med matfisk av laks, aure og regnbogeaure til undervisningsføremål.

Spørsmålet er som dette er eit særleg tilfelle som grunngjer ein dispensasjon frå forbodet mot utleige i akvakulturlova § 19.

I Ot.prp.nr.61 (2004-2005) om lov om akvakultur, går det fram på side 71 at «*Dette er en snever adgang som bare kan benyttes i tilfeller hvor hensynene bak forbudet ikke forfeiles selv om leie tillates. Med særlige tilfeller menes at det må foreligge kvalifiserte grunner for å gjøre unntak.*»

I sak 14/174 (Fræna vidaregåande) ble det vektlagt at det var positivt at skulen ville starte opp med eigen linje VG2 Akvakultur, og at anslått elevtall virka realistisk og oppnåeleg. Det ble også vist til samarbeidsselskap for drift av løyvet, som etter søkars syn ville gi elevane eit best mogleg undervisningstilbod og innsikt i reelle arbeidsforhold og akvakulturnäringa. Basert på dette fant Fiskeridirektoratet at det var kvalifiserte grunnar for å dispensera frå akvakulturlova § 19 tredje ledd. Dette vart også resultatet i sak 16/5866 (Måløy vidaregåande skule), kor det vart lagt vekt på at eit meir attraktivt opplegg for marin utdanning ville bidra til å auke søkerstala ved skulen, og at avtala med samarbeidspartnaren ville sikre ei tidsriktig og god utdanning.

I denne saka er det også tale om ein vidaregåande skule som tilbyr utdanning innan akvakultur. Det er framheva i søkerstala at elevtalet ved skulen si akvakulturline har vore låg og varierande, og eit undervisningsløyve av storleika som omsøkt vil føre til ei meir praktisk-retta undervisning, kor elevane vil føle at opplæringa vert meir attraktiv, motiverande og realistisk. Søkjar meiner at det er naudsynt å samarbeide med ei oppdrettsbedrift for å kunne møte myndighetene sine krav til teknologi, kompetanse og administrasjon av undervisningsløyvet.

Fiskeridirektoratet legg til grunn at Lerøy Vest etter avtalen gir elevar ved skulen praksisplass ved LS, og at elevane får gjennomført alle læreplanmåla i løpet av utdanninga. I følgjeskrivet punkt 3.8 er det gjeve ei opplisting av korleis undervisningsplaner innan Naturbruk (Vg1) og Akvakultur (Vg2) kan sjå ut. Desse undervisningsplanane er per i dag ikkje fastsatt, men gjev eit bilet av korleis elevane sin undervisning vert meir praktisk-retta og at rekrutteringsarbeidet til næringa vert

målretta, noko som tilseier at føremålet med undervisningløyve vert ivaretatt sjølv om det vert utleigd.

Fiskeridirektoratet er på denne bakgrunn, og i tråd med praksis, kome til at dette er eit særleg tilfelle som grunngjer ein dispensasjon frå forbodet mot utleige i akvakulturlova § 19.

## 2.2 Fiskeridirektoratet si vurdering av søknaden

### 2.2.1 Gjeldande regelverk

Føremålet bak forskrifa om løyve til akvakultur for laks, aure og regnbogeaure (laksetildelingsforskrifta) er å «*medvirke til at akvakultur av laks, ørret og regnbueørret blir lønnsom og konkurransekraftig innenfor rammene av en bærekraftig utvikling, og bidra til verdiskaping på kysten*», jf. laksetildelingsforskrifta § 1.

Når det gjeldt dei særskilte løyva til akvakultur av matfisk, er det lista opp særlege føremål i laksetildelingsforskrifta § 22, kor det følgjer av femte ledd at:

«*Akvakultur av matfisk til undervisning skal bidra til at undervisningsinstitusjonene skal kunne tilby attraktiv, realistisk og kvalitativ god undervisning i praktisk akvakultur og akvakulturregelverk og derigjennom bidra til rekruttering av personell med relevant kompetanse til akvakulturnæringen.*»

I laksetildelingsforskrifta § 26 er det gitt særskilde tildelingsvilkår for løyve til undervisning:

«*Tillatelse kan gis til utdanningsinstitusjon på universitet- eller høyskolenivå, til fylkeskommune for bruk i videregående skole eller til privat skole som har eller planlegger et undervisningstilbud hvor akvakultur inngår.*

*Tillatelse kan bare gis videregående skole eller privat skole som vil tilby elever et undervisningsopplegg som er godkjent av departementet, og som fører fram til et tilbud om fagbrev ved skolen.*»

Vidare følgjer det av laksetildelingsforskrifta § 28b første ledd at maksimal tillat biomasse til særlege føremål skal fastsettast etter ein konkret vurdering, kor det mellom anna skal takast omsyn til søkeren sitt behov. Maksimal tillat biomasse per løyve skal ikkje overstige 780 tonn. Når det gjeld løyve til undervisning «*skal det blant annet tas hensyn til det planlagte driftsopplegget*»

Endeleg følgjer det av laksetildelingsforskrifta § 23 første ledd at løyve til undervisningsføremål vert gjeve mellombels med inntil 10 år av gongen. Det er høve å søkje om forlenging. Regelen om tidsavgrensing vart tatt inn i forskriften med verknad frå 01.01.2010.

## 2.2.2 Vurdering

Det ligg føre søknad om utviding av undervisningsløyve i frå 130 tonn MTB til 780 tonn MTB. I søknaden punkt 3.5 under overskrifta 'Kvifor ei utviding av dagens konsesjon?' er det mellom anna vist til at:

«*Ei utviding av eksisterande løyve frå MTB 130 t til MTB 780 t gjev elevane eit direkte innblikk kommersiell produksjon og dermed ei undervisning basert på reelle arbeidsforhold i bransjen. Omstende som t.d. åtferd, miljøforhold, fôring, teknologi og andre arbeidsoperasjonar vil vere vesentleg forskjellig i småskala versus storskala drift.*

*Ei utviding av undervisningskonsesjonen til MTB 780 t vil sikra at verksemda retter drifta meir mot undervisning enn det til no har vore ynskjeleg å gjennomføre med dagens konsesjon på 130 t. For at skulen skal ha moglegheit til å drive samlokalisert med ein aktør er det derfor naudsynt at storleiken på konsesjonen er tilsvarende lik storleiken til ein ordinær merd for å standardisere og effektivisere drifta.»*

Det følger av laksetildelingsforskrifta § 28b første ledd at maksimal tillat biomasse til særlege føremål skal fastsettast etter ein konkret vurdering, kor det mellom anna skal takast omsyn til søkeren sitt behov. Maksimal tillat biomasse per løyve skal ikkje overstige 780 tonn. Når det gjeld løyve til undervisning «*skal det blant annet tas hensyn til det planlagte driftsopplegget*», jf. laksetildelingsforskrifta § 28b tredje ledd.

I Fiskeridirektoratet sin praksis er det lagt til grunn at kravet i laksetildelingsforskrifta § 26 andre ledd, om at undervisningstilbodet må føre fram til eit tilbod om fagbrev ved skulen, også inkluderer eit undervisningsopplegg med to års skule i bedrift, der eleven går opp til fagprøve i bedrifta, jf. mellom anna sak 15/1684 (Sortland vgs)

Austevoll vgs tilbyr Vg1 Naturbruk og Vg2 Akvakultur. Etter ferdig Vg2 Akvakultur kan elevane forsetje vidare som læring i bedrift over 2 år (Vg3 Akvakulturfaget), som vil gje eit fagbrev og som gjer elevane kvalifisert til å arbeide som fagoperatør i akvakultur. Skulen tilbyr også teknisk fagskule Akvakultur etter ferdig fagbrev for dei som ønskjer å vere betre kvalifisert til mellomstillingar innan havbruk. Skulen oppfyller med dette vilkåret om å tilby eit undervisningstilbod som er godkjent av departementet, jf. laksetildelingsforskrifta § 26 andre ledd.

Det er i søknadens punkt 3.3 vist til at eit undervisningsløyve av denne storleika vil ha stor tyding for kvaliteten på skuletilbodet og rekrutteringa til havbruksrelaterte yrke:  
*«Læreplanen i Naturbruk (Vg1) og Akvakultur (Vg2) inneholder mange praktiske læreplanmål (sjå eigne avsnitt om Vg1 Naturbruk og Vg2 Akvakultur), og desse krev at ein har ein eigen undervisningskonsesjon. Ved å knyte dei meir teoretiske læreplanmåla til den praktiske undervisninga vil dette auke læringsutbytte hos elevane. Ved at skulen har eit eige undervisningsløyve vil ein oppnå eit eigarforhold, som til saman vil føre til at undervisninga vil kjennas meir nyttig, realistisk og motiverande.»*

Samarbeidsavtalen med Lerøy Vest inneber at oppdrettar skal bidra med relevant opplæring av elevar på sine anlegg. I tillegg til dette skal oppdrettar betale ei årleg leige, som består av ei fast årleg sum og ei variabel årleg leige basert på forteneste. Inntektene frå utleige av konsesjonen skal gå inn på eit fond, som skal jobbe nettopp med å utvikle skulen sitt tilbod innanfor dei marine faga for å gjere det attraktivt for ungdomen.

Fiskeridirektoratet legg vekt på at både søknaden og avtalen med oppdrettar er gjennomarbeida, og at det berande omsynet synast å vere elevane og ønsket om å styrke utdanningstilbodet for å auke rekrutteringa, jf. føremålet med løyvet i laksetildelingsforskrifta § 22 femte ledd. Tiltaket fremmer derfor formålet om å «*medvirke til at akvakultur av laks, ørret og regnbueørret blir lønnsom og konkurransekraftig innenfor rammene av en bærekraftig utvikling, og bidra til verdiskaping på kysten*», jf. laksetildelingsforskrifta § 1.

Fiskeridirektoratet vil at det skal vere attraktivt å samarbeide med skuler, for å auke rekruttering av kvalifisert personell og utvikle den berekraftige næringa som akvakulturnæringa er, jf. også tidlegare vedtak om tilsegn om utdanningsløyve. Saman med omsynet til at undervisningsløyvet skal passe inn i industrialisert drift, taler dette for å tildele eit fullt løyve med 780 tonn maksimalt tillat biomasse.

Fiskeridirektoratet finner etter dette at søknaden frå Hordaland fylkeskommune oppfyller vilkåra til utvida undervisningsløyve for oppdrett av laks, aure og regnbogeaure, frå MTB 130 tonn til MTB 780 tonn.

### 2.2.3 Tidsavgrensing

I følgje laksetildelingsforskrifta § 23 første ledd at løyve til undervisningsføremål vert gjeve mellombels med inntil 10 år av gongen. Det er høve å søkje om forlenging. Regelen om tidsavgrensing vart tatt inn i forskrifta med verknad frå 01.01.2010.

Det er per i dag ingen tidsavgrensing på undervisningsløyve (HAV0065) som vart gjeve den 12.02.2002.

Føremålet med ordninga med undervisningsløyve er å bidra til at undervisningsinstitusjonane skal kunne tilby attraktiv, realistisk og kvalitativ god undervisning i praktisk akvakultur og akvakulturregelverk. For å sikre at undervisningsløyve vert drifta i tråd med dette føremålet er det, etter Fiskeridirektoratets syn, naudsynt med revurderingar av løyvet.

Ettersom søker oppnår ein betydeleg utviding av løyvet, samt at tidsavgrensinga er den same som vert sett ved tildeling av nye løyver, har Fiskeridirektoratet satt vilkår om tidsavgrensing av løyvet på inntil 10 år, jf. laksetildelingsforskrifta § 23.

### **3. Vedtak**

**Med heimel i laksetildelingsforskrifta §§ 26, 22 femte ledd og 28b, vert Hordaland fylkeskommune gjeve tilsegn om utviding av undervisningsløyve for akvakultur av matfisk av laks, aure og regnbogeaure frå 130 tonn MTB til inntil 780 tonn MTB.**

**Løyvet gjeld for ti år frå det ligg føre nytt løyvedokument frå fylkeskommunen, jf. laksetildelingsforskrifta § 23.**

**Hordaland fylkeskommune vert gjeve dispensasjon frå forbod mot utleige i akvakulturlova § 19 tredje ledd, for å kunne leige ut undervisningsløyvet til Lerøy Vest AS.**

**Dispensasjonen er gjeve under føresetnad av gyldig, underteikna avtale i samsvar med avtale mellom Hordaland fylkeskommune og Lerøy Vest AS av 10. mars 2017.**

**Dispensasjonen faller bort utan vedtak dersom avtalevilkår vert endra. Eventuelt må det søkjast om ny dispensasjon før endring av avtalevilkåra.**

Løyvet vert gjeve under føresetnad om naudsynt lokalitetsklarering i Hordaland fylke.

I tillegg til lov 2005-06-07 om akvakultur med tilhøyrande forskrifter skal følgjande særlege vilkår overhaldast:

- Løyvet skal brukast til akvakultur av matfisk til undervisning i samsvar med søknaden.
- Det skal årleg og innan utgangen av februar kvart år fyllast ut rapportskjema for akvakulturløyve til undervisning som sendast til Fiskeridirektoratet, Kyst- og havbruksavdelinga. Skjema finnast på Fiskeridirektoratet sine heimesider:  
<http://www.fiskeridir.no/Akvakultur/Registre-og-skjema/Skjema-akvakultur/Rapportering>

Ved brot på føresetnadene for, og vilkåra, i løyvet, eller ved passivitet, kan Fiskeridirektoratet trekke løyvet tilbake, jf. akvakulturlova § 9 og laksetildelingsforskrifta § 38.

Dette undervisningsløyvet er eit særløyve gitt Hordaland fylkeskommune, og kan for samarbeidspartnars del ikkje inngå i felles biomassetak, jf. laksetildelingsforskrifta § 33 og akvakulturdriftsforskrifta §§ 48 og 48a.

### **4. Bruk av settefylkeskommune og vidare saksgang.**

Tilsegn om nytt undervisningsløyve gitt frå Fiskeridirektoratet er første trinn i søknadshandsaminga. Søknad om lokalitetsklarering skal handsamast i fylkeskommunen. Av habilitetsomsyn i sakshandsaminga oppnemnar

Fiskeridirektoratet med dette Sogn og Fjordane fylkeskommune ved handsaming av søknad om lokalitetsklarering i denne saka.

Fiskeridirektoratet sendar saka vidare til Sogn og Fjordane settefylkeskommune, som har ansvar for å handsame søknader om lokalitetsklaring vidare i samsvar med laksetildelingsforskrifta § 8 første ledd.

### **5. Klagerett**

Vedtaket kan klagast på, sjå vedlagte orientering. Klagefristen er tre veker, jf. forvaltningslova § 29.

Med helsing

Anne B. Osland  
seksjonssjef

Elise Bølgen  
rådgiver

*Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift*

**Mottakarliste:**

Hordaland fylkeskommune      Postboks 7900      5020      BERGEN

**Kopi til:**

Fiskeridirektoratet Region Vest      Postboks 185      5804      BERGEN

Sogn og Fjordane fylkeskommune      Sentrum  
Askedalen 2      6863      LEIKANGER

**Vedlegg**

Klageskjema



**Notat**

Dato: 20.11.2017  
Arkivsak: 2017/16971-3  
Saksbehandlar: ainhaug

---

Til: Utval for opplæring og helse, Utval for kultur, idrett og regional utvikling

---

Frå: Fylkesrådmannen

---

### **Melding om høringsuttale til "Høring - Forskrift om befolkningsbaserte helseundersøkelser"**

Helse- og omsorgsdepartementet har hatt på høring forslag om ny forskrift om befolkningsbaserte helseundersøkingar. Hovudgrep i forskriften er å erstatte dagens reglar med eit system der forskriften regulerer tilgjengen til å etablere undersøkingar. Befolkningsundersøkingar er i denne samanheng definert som undersøkingar av helsetilstanden i heil befolkning, befolkningsgruppe eller eit representativt utval av befolkninga. Undersøkingane inneheld helseopplysningar og eventuelt biologisk humant materiale. Etter dagens regelverk skal ein ved gjennomføring av slike undersøkingar søke godkjenning frå Datatilsynet og/eller Regional etisk komité (REK). Gjennom etablering av forskriften blir tilgjengen til å gjennomføre slike undersøkingar regulert gjennom forskrift i staden for søknad. Forskriften har bestemmingar knytt til vilkår for etablering av undersøkingar, om informasjon til deltakarane, om tilbaketrekkning av samtykke og om lagring av samanstilte datasett. (<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing---forskrift-om-befolkningsbaserte-helseundersokelser/id2567409/>)

I høringsforslaget blir det og føreslått ei eiga bestemming om fylkeshelseundersøkingar. Fylkeshelseundersøkingar er befolkningsundersøkingar i tråd med folkehelselova. Der har fylka krav om å ha oversikt over helsetilstanden i eiga befolkning og fordelinga av helsa i denne. Oversikta skal inngå som grunnlag for arbeidet med fylkeskommunen sin planstrategi og skal dermed gjentakast kvart fjerde år. I befolkningsundersøkingar etter denne bestemminga blir heile eller delar av befolkninga spurt. Den utvalde delen blir ikkje lagra og ved gjentaking etter fire år, vil ikkje det same utvalet bli trekt igjen. Folkehelseundersøkingar er derfor tverrsnittundersøkingar.

I Lov om folkehelsearbeid står det at «Departementet kan gi nærmere forskrifter om krav til fylkeskommunens oversikt, herunder om plikt til å gjennomføre befolkningsundersøkelser, og om innholdet i og gjennomføringen av slike undersøkelser i fylket.» (§ 21). Folkehelseinstituttet har fått i oppdrag å utvikle malar og metodar for gjennomføring av slike undersøkingar. I 2018 er Hordaland pilotfylke for testing av ei heildigital metode.

Sentrale punkt i høringsnotatet og forslaget er etter vår vurdering:

- Føreseieleg og lik handsaming av liknande undersøkingar

Gjennom å flytte reguleringsa av undersøkingar frå søknad til forskrift blir det sikra at løyve til gjennomføring blir likt i landet. Sjølvé gjennomføringa blir og meir effektiv og det vil bli enklare å forske på materialet ettersom rammene er like på tvers av undersøkingar. Kostnadene knytt til administrasjon totalt sett blir lågare.

Hordaland fylkeskommune støttar innføring av forskrifa.

- Datahandsamingsansvar

I fylkehelseundersøkingane kan anten Folkehelseinstituttet eller fylkeskommunen vere datahandsamingsansvarleg. Å vere datahandsamingsansvarleg stiller strenge krav til mellom anna personvern der lagring og anonymisering av data er sentralt. Fylkeskommunen har datahandsamingsansvar i fleire andre samanhengar og Departementet vurderer derfor at fylkeskommunen har grunnleggande kunnskap på dette området. Det er foreslått at det er mogleg for fylkeskommunen å delegera gjennomføring og datahandsaming til anna verksam.

I høyringssvaret frå Hordaland fylkeskommune støttar vi forslaget om at fylkeskommunane bør vere datahandsamingsansvarleg. Vi presiserer at Folkehelseinstituttet bør ha ei plikt til å ta på seg denne oppgåva dersom fylkeskommunen ønsker hjelp til dette.

- Mal for spørjeskjema fylkehelseundersøkinga

I forskriftsforslaget blir det foreslått at Folkehelseinstituttet får eit ansvar i å utvikle mal som bør nyttast i dei befolkningbaserte undersøkingane etter folkehelselova.

Hordaland fylkeskommune støttar forslaget om å utvikle ein felles mal for undersøkingane på tvers av fylka for at vi lettare skal kunne samanlikne oss med kvarandre. Vi understreker likevel at det ikkje skal vere krav om å nytte desse malane og at det bør leggjast inn krav om jamleg revidering av spørjeskjemaet. Denne revisjonen bør gjennomførast i samarbeid med fylkeskommunane, gjerne i form av eit fagråd.

Andre tema som blir omtala i høyringssvaret er personidentifiserande data, omtale av lagringstid, at føremålet må vere å få fram kunnskap om sosial ulikskap i helse, namnet på undersøkinga, etablering av fagråd på området samt ei presisering av ansvar etter folkehelselova. Sjå vedlegg for heile høyringssvaret.

Svaret bygger på faglege vurderingar av høyringsnotatet samt erfaringar frå samarbeidet med Folkehelseinstituttet i utforming av piloten.

Kommuner, fylkeskommuner og statlige innkjøpere  
Til den dette gjelder

Vår dato: 05.12.2017  
Deres dato:  
Vår referanse: SHL  
Deres referanse: -

## Vedrørende bruk av lærlingeklausuler i offentlige anbud

Nelfo ønsker velkommen kravet i den nye obligatoriske forskriften om bruk av lærlinger ved offentlige kontrakter. Vi er opptatt av at det skal lønne seg å investere i kompetanseutvikling for ungdom, og å ta samfunnsansvar som opplæringsbedrift.

Nelfo har den siste tiden fått tilbakemelding om at noen offentlige innkjøpere ikke stiller samme krav om lærlinger fra foretak som tilbyr tjenester innenfor elektriske installasjoner og elektroniske kommunikasjon som foretak innenfor bygg og anleggsteknikk.

Nelfo understreker at elektrofag er et eget utdanningsprogram som skal behandles likestilt med utdanningsprogrammet bygg og anleggsteknikk når det stilles krav om lærlinger. Vi understreker også at begge disse utdanningsprogrammene tilfredsstiller vilkårene for **særlige behov for læreplasser**, slik Difi redegjør for i veilederingen til forskriften<sup>1</sup>

Det er behovet for lærlinger innenfor et helt utdanningsprogram som skal legges til grunn for vurdering ved utforming av anbudsdocumenter.

Videre er det det nasjonale behovet for læreplasser som skal legges til grunn i vurdering om krav til bruk av lærlingeklausuler. Dette fordi konkurransen om kontrakten vil være åpen for leverandører fra hele landet.

Vi anbefaler at det utarbeides gode rutiner og sjekklistebokser for likebehandling når utenlandske aktører deltar i anbuds konkurransen og som påberoper seg opplæringsordninger fra hjemlandet. Nasjonalt organ for kvalitet i utdanningen (NOKUT)<sup>2</sup> har god oversikt over utdanningssystemer i Europa. Vi gjør også oppmerksom på at en rekke yrker innenfor elektrofagene er lovregulert. For å jobbe lovlige i Norge og foretaket kommer fra et EU/EØS land f.eks. som elektroinstallatør må kvalifikasjonene for å videreføre yrket i Norge være godkjent hos Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB)<sup>3</sup>. Det samme gjelder autorisert Ekominstallatør, men da er det Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (NKOM)<sup>4</sup> som er godkjenningsorganet.

Vi minner også om at det er fullt mulig å stille strengere krav i anbud enn det forskriften legger opp til jfr. Oslo kommune mfl.

<sup>1</sup> <https://www.anskaffelser.no/samfunnsansvar/krav-om-bruk-av-laerlinger/saerlig-behov-laereplasser>

<sup>2</sup> <http://www.nokut.no/no/>

<sup>3</sup> <https://www.dsbs.no/>

<sup>4</sup> <https://www.nkom.no/>

---

*Nelfo er en landsforening i NHO. Våre 1600 medlemsbedrifter har om lag 26 000 ansatte og over 4 000 løpende lærekontrakter. Våre medlemmer leverer tekniske installasjoner og entrepiser til private og offentlige kunder, til sektorer som bygg, energiproduksjon og -nett, ekomnett, samferdsel, offshore, verft og industri.*

Nelfo har et godt utbygd regions apparat i hele Norge. Regionskontorene<sup>5</sup> har god oversikt og kan bidra med informasjon om den faktiske lærling situasjon i regionen innenfor elektrobransjen. Nelfo anbefaler ulike oppdragsgivere å avklare med regionskontorene dersom det oppstår usikkerhet knyttet til om det skal stilles krav om lærlinger i mindre eller små kontrakter og med vekt på lokale behov.

Vennlig hilsen

NELFO

Arbeidslivsseksjonen

Catrine Aspestrand

Svein Harald Larsen

Direktør

Fagsjef

---

<sup>5</sup> <https://nelfo.no/Om-Nelfo/Regionssjefer/>

---

*Nelfo er en landsforening i NHO. Våre 1600 medlemsbedrifter har om lag 26 000 ansatte og over 4 000 løpende lærekontrakter. Våre medlemmer leverer tekniske installasjoner og entrepriser til private og offentlige kunder, til sektorer som bygg, energiproduksjon og -nett, ekomnett, samferdsel, offshore, verft og industri.*

*Kontakt: Svein Harald Larsen, Fagsjef utdanning Nelfo | telefon 415 18 734 | epost [Svein.larsen@nelfo.no](mailto:Svein.larsen@nelfo.no)*

**Fra:** Svein Harald Larsen (Svein.Larsen@nelfo.no)

**Sendt:** 06.12.2017 15:38:27

**Til:** Svein Harald Larsen

**Kopi:**

**Emne:** Vedrørende bruk av lærlingeklausuler i offentlige anbud

**Vedlegg:** image001.png;171205 brev til fylkeskommunene -lærlingklausuler\_E.pdf

Til den dette gjelder

Nelfo ønsker velkommen kravet i den nye obligatoriske forskriften om bruk av lærlinger ved offentlige kontrakter. Vi er opptatt av at det skal lønne seg å investere i kompetanseutvikling for ungdom, og å ta samfunnsansvar som opplæringsbedrift. I den forbindelse har Nelfo funnet det riktig å utforme et brev til alle offentlige innkjøpere i kommuner, fylker og staten, hvor vi understreker at det er behovet for lærlinger innenfor et helt utdanningsprogram, f.eks. utdanningsprogram for elektrofag, som skal legges til grunn for vurdering ved utforming av anbuds dokumenter. Se forøvrig utfyllende informasjon i vedlagt brev.

Med vennlig hilsen

Svein Harald Larsen | Fagsjef Utdanning | 415 18 734

id:3533203379\_109415779

**Nelfo – en landsforening i NHO**

Fridtjof Nansens vei 17 | 0369 Oslo | Postboks 5467 Majorstuen | 0305 Oslo

<http://www.nelfo.no> | <http://www.facebook.com/nelfo.no>



Arkivnr: 2015/10949-7

Saksbehandlar: Birthe Andersen Haugen

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for opplæring og helse	4/18	16.01.2018

**Byte av fylkeskommunal observatør i styra ved Steinerskolen på Skjold og Rudolf Steinerskolen i Bergen****Samandrag**

Fylkeskommunen sin rett til å vere representert i styra ved dei frie skulane er heimla i friskulelova § 5-1 a. Ein representant oppnemnt av vertsfylket er gjeven rett til å vere til stades på møte i styret, til å seie meiningsa si og få denne tilført protokollen. Styret sine oppgåver er regulert i friskulelova § 5-2.

I delegasjonsreglementet til Hordaland fylkeskommune er fullmakta til å nemne opp ein representant til styret når det gjeld skular som er godkjende etter friskulelova § 2-1 bokstavane a-i (vidaregåande skular), lagt til utval for opplæring og helse.

Av omsyn til arbeidsoppgåver og ansvarsområde har seksjonsleiar for OT/PPT-tenester Nina Ludvigsen bede om å verte løyst frå vervet som fylkeskommunal observatør i styret til Steinerskolen på Skjold. Fylkesrådmannen rår til at regionleiar Sissel Øverdal vert oppnemnt som ny fylkeskommunal observatør i styret ved Steinerskolen på Skjold. Vidare rår fylkesrådmannen til at Seksjonsleiar Nina Ludvigsen tek over regionleiar Sissel Øverdal sin plass som fylkeskommunal observatør i styret ved Rudolf Steinskolen i Bergen.

**Økonomi:** Ingen effekt**Klima:** Ingen effekt**Folkehelse:** Ingen effekt**Regional planstrategi:** Ingen effekt**Forslag til vedtak**

- Frå 01.01.18 vert regionleiar Sissel Øverdal oppnemnt som fylkeskommunal observatør i styret ved Steinerskolen på Skjold.
- Frå 01.01.18 vert seksjonsleiar Nina Ludvigsen oppnemnt som fylkeskommunal observatør i styret ved Rudolf Steinskolen i Bergen.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim  
fylkessjef opplæring

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 02.01.2018

Fylkeskommunen sin rett til å vere representert i styra ved dei frie skulane er heimla i friskulelova § 5-1 a). Ein representant oppnemnt av vertsfylket er gjeven rett til å vere til stades på møte i styret, til å seie meinings si og få denne tilført protokollen.

Styret sine oppgåver er regulert i friskulelova § 5-2.

*«Styret sine oppgåver.*

*Styret har den øvste leiinga av skulen og skal sjå til at skulen blir driven i samsvar med gjeldande lover og forskrifter.*

*Styret skal:*

- a) sjå til at elevar i opplæringspliktig alder som blir tekne inn ved skulen, får oppfylt retten til grunnskuleopplæring, og melde fra til foreldra og heimkommunen til elevar som over lengre tid ikkje møter fram til undervisninga utan lovleg grunn,
- b) fastsetje storleiken på skulepengane,
- c) vedta budsjett og rekneskap for skulen,
- d) fastsetje intaks- og ordensreglement for skulen,
- e) fremje saker om flytting etter § 3-3 første ledd og bortvising etter § 3-10 andre ledd,
- f) ha ansvar for at skulen har ei forsvarleg økonomi- og rekneskapsforvaltning,
- g) sjå til at offentlege tilskot og skulepengar kjem elevane til gode,
- h) sjå til at offentlege krav og føresetnader for verksemda blir oppfylte.
- i) sørge for å ha rett og nødvendig kompetanse i verksemda. Styret skal ha eit system som gir undervisningspersonale, skuleleiarar og personale med særoppgåver ved skulen høve til nødvendig kompetanseutvikling, med sikte på å fornye og utvide den faglege og pedagogiske kunniskapen og å halde seg orienterte om og vere på høgd med utviklinga i skulen og samfunnet.
- j) tilsetje dagleg leiar.
- k) drøfte den årlege rapporten om tilstanden i skulen som er utarbeidd etter tredje ledd.

*Styret skal ha eit forsvarleg system for vurdering av om krava i gjeldande lover og forskrifter, og føresetnadene for godkjenninga blir oppfylte. Styret skal ha eit forsvarleg system for å følgje opp resultata frå desse vurderingane og nasjonale kvalitetsvurderingar som departementet gjennomfører med heimel i § 7-2 tredje ledd. Som ein del av oppfølgingsansvaret skal det utarbeidast ein årleg rapport om tilstanden i skulen knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø.*

*I andre saker enn dei som følgjer av andre og tredje ledd, kan styret med 2/3 fleirtal delegere avgjerdssetten»*

I delegasjonsreglementet til Hordaland fylkeskommune er fullmakta til å nemne opp ein representant til styret når det gjeld skular som er godkjende etter friskulelova § 2-1 bokstavane a-i (vidaregåande skular), lagt til utval for opplæring og helse.

Med utgangspunkt i fylkeskommunen sitt ansvar som skuleeigar og plikter og rettar som det medfører overfor friskulane, meiner fylkesdirektør opplæring at det er viktig at fylkeskommunen nemner opp styremedlemmer og følgjer opp ansvaret sitt i styra.

### *Om Steinerskolen i Bergen*

Steinerskolen sitt vidaregåande trinn gjev studiekompetanse tilsvarannde dei studieførebuande utdanningsprogramma. Elevane får i tillegg til generell studiekompetanse læring og utvikling i musikk, kunst, handverk og friluftsliv. Skulen ligg på Storetveit i Bergen. Rudolf Steinerskolen i Bergen driv verksemda på grunnlag av ei anerkjent pedagogisk retning, jf. friskulelova § 2.1 b).

### *Om Steinerskolen på Skjold*

Skuletilbodet er for ungdom som av ulike grunnar ikkje finn seg til rette eller kan gjere seg nytte av det tradisjonelle vidaregåande opplæringstilbodet. Alle elevane har individuell opplæringsplan. Skulen er godkjent etter friskulelova § 2-1b).

I sak 4/2016 i utval for opplæring- og helse 14.01.16 vart regionleiar Sissel Øverdal oppnemnt som fylkeskommunal observatør i styret til Rudolf Steinerskolen i Bergen. I same sak vart seksjonsleiar Nina Ludvigsen oppnemnt som fylkeskommunal observatør i styret til Steinerskolen på Skjold.

Av omsyn til arbeidsoppgåver og ansvarsområde har seksjonsleiar for OT/PPT-tenester Nina Ludvigsen bede om å verte løyst frå vervet som fylkeskommunal observatør i styret til Steinerskolen på Skjold. Fylkesrådmannen rår til at regionleiar Sissel Øverdal vert oppnemnt som ny fylkeskommunal observatør i styret ved Steinerskolen på Skjold. Vidare rår fylkesrådmannen til at seksjonsleiar Nina Ludvigsen tek over regionleiar Sissel Øverdal sin plass som fylkeskommunal observatør i styret ved Rudolf Steinskolen i Bergen.



Arkivnr: 2017/3149-5

Saksbehandlar: Else-Marie Brobakke Aarø

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for opplæring og helse	5/18	16.01.2018
Utval for miljø og samferdsel		17.01.2018
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		23.01.2018
Fylkesutvalet		01.02.2018

**Handlingsprogram 2018-2021 til Regional plan for folkehelse 2014-2025****Samandrag**

Folkehelselova slår fast at mål og tiltak i folkehelsearbeidet skal bidra til ei samfunnsutvikling som fremjar folkehelsa. I dette ligg innsats for å jamne ut dei sosiale helsekilnadarne. Regional plan for folkehelse 2014-2025 med handlingsprogram blei vedteken av Fylkestinget i mars 2014. Planen inneheld langsiktige mål og strategiar for folkehelsearbeidet i fylket. Handlingsprogrammet 2018-2021 er eit andre generasjons-dokument for gjennomføring av mål og strategiar i folkehelseplanen. Å få resultat av mange folkehelsetiltak kan ta fleire år. Eit fireåring handlingsprogram opnar for meir langsiktig og strategisk innsats i arbeidet.

Folkehelsearbeidet skal vere kunnskapsbasert. Utvikling av handlingsprogrammet byggjer på styringssignal frå siste regionale planstrategi, stortingsmeldingar og frå Folkehelsa i Hordaland 2015. Etter Fylkesrådmannen sitt syn er det eit godt grep at folkehelsetiltak i andre regionale planar blir følgde opp innanfor desse saksområda. Handlingsprogrammet 2018-2021 inneheld for første gong tiltak med resultatmål og/eller effektmål for nokre tiltak. Fleire resultatmål og/eller effektmål vil bli utvikla. Nokre tiltak vert evaluert av eksterne kunnskapsmiljø.

Ansvar for gjennomføring av tiltaka ligg på ulike fagavdelingar i Hordaland fylkeskommune i tett samarbeid med kommunar, statlege aktørar, frivillig sektor, kompetansemiljø og andre. Tiltaka på tema 1 er mest organisatoriske for å støtte kommunane i utvikling av det systematiske, langsiktige og tverrsektorielle folkehelsearbeidet, og gjere innsatsen for utjamning av sosiale helsekilnader meir tydeleg i planlegginga. Tiltaka på tema 2 er både organisatoriske og operative. Under tema 3 er tiltaka knytt til barndom og oppvekst, ungdom og utdanningssystemet og er meir operative. Under tema 4 er tiltaka på organisatorisk nivå og mest retta inn på arbeidet med inkludering og helsefremjande arbeidsplassar i Hordaland fylkeskommune. Temaområde 5 inneheld verkemiddel for folk i alle livsfasar og speilar samarbeid med mange ulike aktørar frivillig sektor.

Medverknad i utvikling av handlingsprogrammet 2018-2021 følgjer retningslinene i plan- og bygningslova. Fylkesrådmannen vurderer at ved utvikling av handlingsprogrammet er føringar gjeve gjennom Regional planstrategi 2016-2020 følgde opp. Det ligg likevel eit stort potensiale for meir målretta innsats og breiare samarbeid for gjennomføring av handlingsprogrammet framover.

**Økonomi:** I kvart enkelt tiltak er lagt inn vurdering i høve finansiering.

**Klima:** Fleire tiltak har positive verknader.

**Folkehelse:** Vekt er lagt på arbeid med å utjamne sosiale helseskilnader i eit langsiktig perspektiv.

Handlingsprogrammet er eit handlingsprogram for ulike folkehelsetiltak.

**Regional planstrategi:** Følg opp føringar i Regional planstrategi 2016-2020 særleg vekt å samhandling knytt til samarbeid om oppfølging av mål og strategiar i Regional plan for folkehelse 2014-2025.

### **Forslag til innstilling**

*Fylkesutvalet vedtek Handlingsprogram 2018-2021 til Regionalplan for folkehelse 2014-2025*

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 24.11.2017**

## 1. Bakgrunn - Regional plan for folkehelse

Regional plan for folkehelse 2014-2025 med handlingsprogram 2014-2017, blei vedteke av Fylkestinget den 11.03.2014. Planen er ein overordna plan med langsiktige mål og strategiar for folkehelsearbeidet i fylket.

Eit viktig grep i folkehelsepolitikken dei seinare åra er skiftet frå eit sjukdomsperspektiv til eit påverknadsperspektiv, gjennom å gjere folkehelsearbeidet tverrsektorelt og tverrfagleg slik at arbeidet omfattar mange ulike arenaer i våre kvarlagsliv. Prinsippet om «*helse i alt*», at politikk på ulike samfunnsområde, har stor påverknad på helsetilstand og fordeling av helse i befolkninga er lagt som eit grunnleggjande prinsipp for utarbeiding av folkehelseplanen. Planen legg mest vekt på befolkningsstrategiar (universelle tiltak) som når dei mange, gjennom temaområda: Heilskapleg folkehelsearbeid og universell utforming, lokalsamfunn, nærmiljø og bustader, oppvekst og læring, arbeid og arbeidsplassen, samt aktivitet og sosial deltaking.

Etter Regional planstrategi 2016-2020 skal ikkje Regional plan for folkehelse reviderast i inneverande planperiode. Visjonen for folkehelsearbeidet i Hordaland «*Fleire gode leveår for alle*» står fast. Det same gjeld hovudmålet - folkehelsearbeidet i fylket skal bidra til eit langsiktig og systematisk arbeid som skal gi *fleire gode leveår, og utjamne sosiale helseforskjellar*.

Handlingsprogrammet 2018-2021 er eit styringsdokument med tiltak for å sikre god gjennomføring av mål og strategiar i Regionalplan for folkehelse 2014-2025.

## 2. Handlingsprogrammet 2018-2021

### *Prosjektstyring*

Revisjon av handlingsprogrammet 2018-2021 til Regional plan for folkehelse er organisert som prosjekt over 6 månader og utarbeidd i tråd med prosjektplan. Tidsplan er litt justert. Eigar er Fylkesdirektør for regionalutvikling.

### *Overordna rammer*

Handlingsprogram til regionale planar skal reviderast etter plan- og bygningslova. Nye føringar opnar opp for fireårige handlingsprogram. I revisjonen er det lagt vekt på å fange opp styringssignal frå Regional planstrategi 2016-2020, nyare stortingsmeldingar og Folkehelsa i Hordaland 2015 - ei kunnskapoversikt. Det er lagt vekt på å løfte fram tiltak med regional verdi.

### *Virkeområde*

Handlingsprogrammet til Regional plan for folkehelse rettar seg særleg mot område som Hordaland fylkeskommune har ansvar for og verkemiddel for. Den rettar seg mot samarbeidsprosjekt og utviklingsprosjekt mellom fylkeskommunen, kommunar, statlege aktørar, frivillig sektor og andre.

### *Ansvar for gjennomføring av tiltak og oppfølging knytt til budsjett*

Etter Regional planstrategi 2016-2020, er ein viktig suksessfaktor for å nå målsetjingane i Regional plan for folkehelse å trekke planen og handlingsprogrammet inn i relevante sektorområder i HFK. Medlemmar i samarbeidsorganet for folkehelse i Hordaland fylkeskommune - Folkehelseringen - har hatt rolla om bindeledd for å sikre samarbeid og innspel/råd, samt forankring.

Under kvart tiltak er sett inn ansvar for gjennomføring, samarbeidspartar og finansiering. Gjennomføring av handlingsprogrammet vil bli følgt tett opp i Folkehelseringen, med årlege sjekkpunkt på status i arbeidet. I tillegg vil tiltaka inngå i dei årlege budsjetta.

### *Tilhøve til andre regionale planar*

Ulike regionale planar og temaplaner er førande for Hordaland fylkeskommune sitt arbeid. Fleire planar dekkjer innsatsområder som er i tråd med temaområda i Regionalplan for folkehelse. Det har ikkje vore eit mål med utvikling av nytt handlingsprogram å samle alle tiltak knytt til folkehelsesatsingane til Hordaland fylkeskommune ein stad. Handlingsprogrammet har likevel nokre tiltak som inngår i andre regionale planar og temaplanar.

### *Resultatmål og evaluering*

Effekt av folkehelsetiltak kan vere vanskelige å måle – særleg på kort sikt. Mange tiltak som særleg rettar seg mot å jamne ut sosiale helsekilnader og som ein trur har stor effekt på desse, er vanskelegast å evaluere, mens tiltak som kan ha meir avgrensa effekt er lettare å evaluere. Etter vedteken prosjektskisse skal det utarbeidast resultatmål og/eller effektmål på innsatsområder i handlingsprogrammet der dette er hensiktsmessig. Resultatmål og/eller effektmål er utarbeidd for nokre av tiltaka. Minst to større tverrgående tiltak/prosjekt skal vere evaluert av intern eller eksterne samarbeidspart i løpet av den perioden handlingsprogrammet gjeld for. Nokre større tiltak skal evaluerast av eksterne kunnskapsmiljø. Det vil bli utvikla resultatmål og eller/effektmål knytt til fleire tiltak administrativt før tiltaket vert starta opp.

## **3. Medverknad**

I samband med planarbeidet til Regional plan for folkehelse 2014-2025 var prosessar for medverknad med eksterne lagt mest vekt på. Planen fekk gjennomgående god tilslutning. Sidan mål og strategiar i planen står fast, er det ved denne revisjonen ikkje lagt opp til breie eksterne prosessar. Det har vore lagt vekt på å få til breiare prosessar internt i HFK og dialog med fylkeskommunale råd og utval. Samstundes er eksterne samarbeidspartar både frå kommunar, statsetatar, frivillig sektor og andre invitert inn til å bidra i arbeidet gjennom dialogmøter. Handlingsprogrammet har ikkje vore på offentleg høyring.

### *Internt i Hordaland fylkeskommune*

Handlingsprogrammet har vore tema på fleire arbeidsmøter i Folkehelseringen. Medlemane her har hatt ansvar for utvikling og forankring av tiltak innan eige ansvarsområde/eiga avdeling. Sekretariatet i Regionalavdelinga har samla og redigert innspela. Handlingsprogrammet har vore sendt til drøfting i alle fagavdelingar og til toppleiargruppa i Hordaland fylkeskommune.

### *Eksterne samarbeidspartar*

Ressurspersonar frå ulike kunnskapsmiljø, statsetatar og frivillig sektor i tillegg til kommunane har vore inviterte til å kome med innspel. Det er gjennomført to dialogmøter. På første møte i mai 2017 møtte nokre utvalde representantar frå kommunar og kunnskapsmiljø. Til eit større ope møte i september 2017 blei invitasjon sendt ut til ulike interessentar som fylkeskommunale råd og utval, alle kommunane, forskings- og kompetansemiljø, Husbanken, Fylkesmannen, Nav og representantar frå frivillig sektor. I tillegg deltok Folkehelseringen i fylkeskommunen i dette møtet.

### *Fylkeskommunane råd og utval*

Skriftleg melding om pågående revisjonsarbeid blei sendt dei tre fylkeskommunale råda/utvala i juni 2017. Fylkeseldrerådet og Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne fekk orientering i september. Begge råda og Ungdommens fylkesutval blei inviterte til ope høyringsmøte. Alle tre har levert skriftelege innspel.

### *Politisk nivå*

Det er orientert om pågående revisjonsarbeid i meldingssak april 2017. Prosjektplan var vedlagt.

### *Høyringsinnspel*

Høyringsinnspela er vurderte. I vedlegg Høyringsinnspel med vurderingar er høyringsinnspela teke inn knytt opp til kvart tema. Her ligg også ei kort vurdering av høyringsinnspela.

## 4. Kort om tiltaka

Verkemidlane i tema 1 er mest organisatoriske. Dei er innretta på å støtte kommunane i utvikling av det systematiske, langsiktige og tverrsektorelle folkehelsearbeidet, og gjere innsatsen for utjamning av sosiale helseeskilnader meir tydeleg i planlegginga. Innhente ny kunnskap på ulike nivå, kompetanseheving, utvikling av system og strukturar, samt fremje involvering og medverknad er gjennomgåande i mange av tiltaka. Regional plan for folkehelse erstattar tidlegare delplan på universell utforming «*Deltaking for alle. Fylkesdelplan for universell utforming*». Handlingsprogrammet tek inn mange tiltak som skal bidra til eit meir inkluderande Hordaland. Samordning av ulike fylkeskommunale verkemiddel for å auke kvalitet på uteområde og nærmiljøutvikling til gode for alle generasjonar er også eit viktig grep under tema 2. Her er også tiltak knytt til tryggare skulevegar og meir kunnskap om skader og ulukker med fleire. Innsats for å redusere sosiale helseeskilnader må starte tidleg. Tiltaka i tema 3 er verkemidlar knytt til barndom og oppvekst, ungdom og utdanningssystemet. Tiltaka skal bidra til å fremje helse og trivsel - enten det gjeld kunnskap om mat og ernæring, matvanar, psykososialt læringsmiljø, fremje meir fysisk aktivitet, brei kunnskap om tannhelse og ikkje minst til auka gjennomføring i vidaregåande skule. Også auka deltaking av skular i Ungdata er viktig.

Tiltaka på Tema 4 på organisatorisk nivå. Eit tiltak rettar seg til ungdom på yrkesfagleg utdanning. Regional plan for kompetanse og arbeidskraft 2017-2030 fangar opp alle andre aktuelle tiltak. Tiltaka elles er knytt til utvikling av meir inkludering og helsefremjande arbeidsplassar i Hordaland fylkeskommune.

Temaområde 5 inneheld ulike verkemiddel for folk i alle livsfasar. Tiltaka speilar målsettingar om å sikre deltaking i frivillige organisasjonar for å fremje inkludering i samfunnet gjennom målretta bruk av økonomiske verkemiddel, kompetanseheving og nettverksbygging.

## 5. Fylkesrådmannen sine vurderingar

Fylkesrådmannen si vurdering er at utkast til Handlingsprogrammet 2018-2021 til Regional plan for folkehelse viser god kopling til gjeldande mål og strategiar for folkehelsearbeidet i fylket. Folkehelse er eit breitt samfunnsområde. Eit handlingsprogram på regionalt nivå bør størst mogeleg grad vere strategisk og langsiktig.

Regional planstrategi 2016-2020 har etterspurd samarbeid breitt for å nå mål og strategiar i Regional plan for folkehelse. Fylkesrådmannen vurderer samarbeidet internt i fylkeskommunen gjennom Folkehelseringen som eit viktig grep for å få felles eigarskap til Regionalplan for folkehelse. Tiltaka i handlingsprogrammet er mange. Eigarskap i fagavdelingar sikrar gjennomføring.

Fylkesrådmannen vurderer det også som positivt at for nokre tiltak i Handlingsprogrammet 2018-2021 til folkehelseplanen er det teke inn resultatmål og/eller effektmål. Viktig er også at evalueringar av større tiltak blir utførde av eksterne kompetansemiljø. Auka vekt på bruk gode resultatmål og/eller effektmål er viktig. I framtida må det arbeidast meir for å få fram auka kunnskap knytt til nytte av folkehelsetiltak.

### Vedlegg.

- Utkast til Handlingsprogram 2018-2021 til Regional plan for folkehelse 2014-2025
- Høyringsinnspele med vurderingar



HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE

# Handlingsprogram 2018-2021

Regional plan for folkehelse 2014 - 2025

## **OM RAPPORTEN**

**Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Seksjon for næring- og lokalsamfunnsutvikling,  
Hordaland fylkeskommune.**  
[anne.mette.nesje.porten@hfk.no](mailto:anne.mette.nesje.porten@hfk.no)  
**November 2017**

# INNHOLD

INNLEIING .....	4
FRAMDRIFTSPLAN FOR HANDLINGSPROGRAM .....	6
TEMA 1: HEILSKAPLEG FOLKEHELSEARBEID OG UNIVERSELL UTFORMING .....	10
TEMA 2: LOKALSAMFUNN, NÆRMILJØ OG BUSTADER .....	17
TEMA 3. OPPVEKST OG LÆRING .....	22
TEMA 4: ARBEID OG ARBEIDSPLASSEN .....	28
TEMA 5: AKTIVITET OG SOSIAL DELTAKING .....	30
VEDLEGG .....	33

# Innleiing

## Bakgrunn

Regional plan for folkehelse 2014-2025 *Fleire gode leveår for alle* med handlingsprogram, blei vedteke av fylkestinget i Hordaland 11.03.2014.

Utviklingsplan for Hordaland - 2016-2020 Regional planstrategi legg ikkje føringar for revisjon av Regional plan for folkehelse inneverande periode.

Visjonen for folkehelsearbeidet i Hordaland «*Fleire gode leveår for alle*» står derfor fast.

Det same gjeld hovudmålet for folkehelsearbeidet i fylket som *skal bidra til eit langsiktig og systematisk arbeid som skal gi fleire gode leveår, og utjamne sosiale helseforskjellar*.

I regional plan for folkehelse er det valt ut fem innsatsområde:

- 1) Heilskapleg folkehelsearbeid og universell utforming
- 2) Lokalsamfunn, nærmiljø og bustader
- 3) Oppvekst og læring
- 4) Arbeid og arbeidsplassen
- 5) Aktivitet og sosial deltaking

## Om handlingsprogram etter planlov

Etter nye endringar i plan- og bygningslova 01.07.2017 kan handlingsprogram til regionale planar utarbeidast for inntil fire år.

Handlingsprogrammet skal gjelde for åra 2018-2021. Tiltaka i handlingsprogrammet rettar seg særleg mot område som Hordaland fylkeskommune har ansvar for, og verkemiddel på. Vidare mot samarbeidsprosjekt og utviklingsprosjekt mellom fylkeskommunen, kommunar, statlege aktørar, frivillig sektor og andre.

## Nye føringar

I åra etter Regional plan for folkehelse 2014-2025 blei vedteken er fleire nyare føringar og kunnskapsgrunnlag kome til. Det er lagt vekt på i utforminga av handlingsprogrammet å vurdere tiltaka opp mot desse.

Dette er særleg:

- *Utviklingsplan for Hordaland - Regional planstrategi 2016-2020.*
- *Folkehelsa i Hordaland 2015. Ei kunnskapsoversikt.*
- *Politisk vedtak fylkestinget frå mars 2016 i samband med handsaming av Folkehelsa i Hordaland.*
- *Meld. St. 34, (2012-2013);*
- *Meld. St. 19, (2014- 2015) – særleg oppfølging av nytt program for folkehelsearbeid i kommunane 2017-2027.*
- *Røynsler knytt til utvikling av indikatorar for det løpende oversiktsarbeidet i Hordaland fylkeskommune.*

## **Regional plan for folkehelse og forholdet til andre regionale planar**

Det har ikkje vore eit mål med utvikling av nytt handlingsprogram å samle alle tiltak ein stad. Nokre få tiltak er også etter ei vurdering likevel teke med i handlingsprogrammet som også inngår i andre planar.

Folkehelsesatsingane i Hordaland er innarbeid i mange ulike strategiske planar både regionale planar og temaplanar.

Viktige regionale planar med folkehelsetiltak:

- Regional transportplan Hordaland 2018- 2029
- Regional plan for kompetanse og arbeidskraft 2017-2030
- Regional plan for attraktive senter i Hordaland - senterstruktur, tenester og handel 2015-2026
- Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025
- Klimaplan for Hordaland 2014-2030 Regional klima og energiplan
- Regional næringsplan 2013-2017

Lista er ikkje uttømmande.

# Framdriftsplan for handlingsprogram

## Tema 1: Heilskapleg folkehelsearbeid og universell utforming

Tiltak	2018	2019	2020	2021	Ansvar
<b>Tiltak 1.1</b> Legge til rette for auka samhandling med kommunane for utvikling av det systematiske og langsigtige folkehelsearbeidet for å fremje gode levekår	x	x	x	x	HFK Regionalavdelinga
<b>Tiltak 1.2</b> Støtte kommunane i arbeidet med å utvikle gode system for å sikre at utjamning av sosiale helse-skilnader er tema i kommunane sine plandokument		x	x	x	HFK Regionalavdelinga
<b>Tiltak 1.3</b> Styrke involvering av dei lovfesta råda i kommunar og fylkeskommunen		x	x	x	HFK Regionalavdelinga
<b>Tiltak 1.4</b> Kompetanseheving knytt til medverknad i plan- og utviklingsarbeid		x	x	x	HFK Regionalavdelinga
<b>Tiltak 1.5</b> Auke kompetansen om bruk av helsekonsekvens-utredning (HKU) i kommunal- og regional planlegging		x			HFK Regionalavdelinga
<b>Tiltak 1.6</b> Støtte kommunane i arbeidet med å utvikle eit system for løpende oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar	x	x			HFK Regionalavdelinga
<b>Tiltak 1.7</b> Etablere og utvikle regionalt samarbeidsorgan for folkehelsearbeidet i Hordaland	x	x	x	x	HFK Regionalavdelinga
<b>Tiltak 1.8</b> Bygge kompetanse i kommunane for å evaluere tiltak i folkehelsearbeidet	x	x	x	x	HFK Regionalavdelinga
<b>Tiltak 1.9</b> Utvikle helsefremjande barnehagar og skular	x	x	x	x	HFK Regionalavdelinga
<b>Tiltak 1.10</b> Søke om opptak i <i>Program for folkehelsearbeid i kommunane</i>	x				HFK Regionalavdelinga
<b>Tiltak 1.11</b> Hordaland som programfylke - samordne programarbeidet regionalt i <i>Program for folkehelsearbeid i kommunane</i>	x	x	x	x	HFK Regionalavdelinga
<b>Tiltak 1.12</b> Revidere innhald i samarbeidsavtalar mellom tannhelsetenesta i Hordaland og kommunane	x	x			HFK Tannhelsetenesta
<b>Tiltak 1.13</b> Søke medlemskap i <i>Sunne kommuner</i>		x			HFK Regionalavdelinga
<b>Tiltak 1.14</b> Gjennomføre folkehelseundersøking i fylket	x	x			HFK Regionalavdelinga
<b>Tiltak 1.15</b> Etablere struktur og rutinar for formidling av kunnskap til kommunane	x	x	x	x	HFK Regionalavdelinga

<b>Tiltak 1.16</b> Utvikle tversektorielt arbeid med universell utforming i fylkeskommunen	x			HFK Regionalavdelinga
<b>Tiltak 1.17</b> Kartlegging av universell utforming i regionale senter som grunnlag for områdereguleringsplaner og handlingsprogram i kommunane		x		HFK Regionalavdelinga
<b>Tiltak 1.18</b> Gjere registrering av universell utforming av fylkeskommunale bygg tilgjengeleg for brukarane	x			HFK Egedomsavdelinga
<b>Tiltak 1.19</b> Evaluere nettsidene til Hordaland fylkeskommune med omsyn til universell utforming		x		HFK Økonomi- og organisasjonsavdelinga
<b>Tiltak 1.20</b> Årshjul for kompetanseheving innan universell utforming		x		HFK Regionalavdelinga
<b>Tiltak 1.21</b> Etablere arena for kompetanseheving og nytenking som fremjer eit universelt utforma samfunn		x	x	HFK Regionalavdelinga

## Tema 2: Lokalsamfunn, nærmiljø og bustader

Tiltak	2018	2019	2020	2021	Ansvar
<b>Tiltak 2.1</b> Vidareutvikle gode læringsmiljø i skulebygg basert på klima- og miljøvenlege prosessar og materiale	x	x	x	x	HFK Egedomsavdelinga, Opplæringsavdelinga, Regionalavdelinga
<b>Tiltak 2.2</b> Arbeide systematisk med tryggare skulevegar	x	x	x	x	HFK Samferdselsavdelinga
<b>Tiltak 2.3</b> Gi støtte til aktivitet og trivsel i sentrumsområde	x	x	x	x	HFK Regionalavdelinga, Kultur- og idrettsavdelinga
<b>Tiltak 2.4</b> Sluttføre prosjekt nærmiljø og lokalsamfunn som fremjer folkehelse		x			HFK Regionalavdelinga
<b>Tiltak 2.5</b> Fordele spelemidlar på basis av gjeldande anleggspolitikk i Hordaland	x	x	x	x	HFK Kultur- og idrettsavdelinga
<b>Tiltak 2.6</b> «Frå heim til skule på eigne bein» – utvikle kartreiskap til bruk i planlegging		x	x		HFK Regionalavdelinga
<b>Tiltak 2.7</b> Utvikle eit breitt og variert friluftstilbod til barn og ungdom gjennom mellom anna meir bruk av medverknad		x	x		HFK Kultur- og idrettsavdelinga
<b>Tiltak 2.8</b> Systematisk arbeid for redusere talet på omkomne og alvorleg skadde på vegnettet i Hordaland	x	x	x	x	HFK Samferdselsavdelinga

<b>Tiltak 2.9</b> Samanstilling av gang- og sykkeltilbodet, samt gjennomføring av ei sykkelundersøking i Bergensområdet tilsvarande «Oslosyklisten»	x	x	x	x	HFK Samferdselsavdelinga
<b>Tiltak 2.10</b> Gang- og sykkeltiltak i regionsentera	x	x	x	x	HFK Samferdselsavdelinga
<b>Tiltak 2.11</b> Auke kunnskapen om omfanget av skadar og ulykker		x			HFK Regionallavdelinga

### Tema 3: Oppvekst og læring

Tiltak	2018	2019	2020	2021	Ansvar
<b>Tiltak 3.1</b> Auke delen elevar i vidaregåande skule som får karakter i kroppsøvingsfaget	x	x			HFK Opplæringsavdelinga
<b>Tiltak 3.2</b> Vidareutvikle kompetansesatsinga i det nasjonale programmet Fiskesprell	x	x	x	x	HFK Regionallavdelinga
<b>Tiltak 3.3</b> Etablere prosjekt Nettvett og digital dømmekraft til vg1-elevar og lærarar	x				HFK Opplæringsavdelinga
<b>Tiltak 3.4</b> Vidareføre prosjekt med gratis skulefrukost	x	x	x	x	HFK Opplæringsavdelinga
<b>Tiltak 3.5</b> Innsats for å betre psykososialt miljø for elevar på yrkesfaglege utdanningsprogram gjennom kompetanseheving for lærarar	x	x	x	x	HFK Opplæringsavdelinga
<b>Tiltak 3.6</b> Styrke kompetansen om folkehelse og livsmeistring i vidaregåande skular		x	x	x	HFK Opplæringsavdelinga
<b>Tiltak 3.7</b> Vidareutvikle og implementere undervisningsprogrammet HEART (helse, ernæring, aktivitet, rusførebygging og tannhelse) i ungdomskulen	x	x	x	x	HFK Tannhelsetenesta
<b>Tiltak 3.8</b> Auke tal på skular i Hordaland som deltek i Ungdataundersøkinga	x	x	x	x	HFK Opplæringsavdelinga, Regionalavdelinga
<b>Tiltak 3.9</b> Vidareføre Complete-forskningsprosjekt ( <i>Drømmeskolen</i> og nærværsteam)	x	x	x		HFK Opplæringsavdelinga
<b>Tiltak 3.10</b> Kompetanseheving knytt til positiv seksuell helse for elevar i vidaregåande skule			x	x	HFK Opplæringsavdelinga
<b>Tiltak 3.11</b> Samordne ulike modellar for sykkelopplæring i skulen for å stimulere til auka bruk av sykkel hos born i kvardagen	x				HFK Samferdselsavdelinga, HFK Kultur- og idrettsavdelinga

## Tema 4: Arbeid og arbeidsplassen

Tiltak	2018	2019	2020	2021	Ansvar
<b>Tiltak 4.1</b> Vidareføre prosjekt Auka gjennomføring – fleire ut i lære	x	x			HFK Opplæringsavdelinga
<b>Tiltak 4.2</b> Arbeide aktivt for å rekruttere og halde på fleire medarbeidarar med funksjonsnedsetting i Hordaland fylkeskommune	x	x	x	x	HFK Økonomi- og organisasjonsavdelinga
<b>Tiltak 4.3</b> Framheve sunt kosthald i kantiner i fylkeskommunale bygg gjennom krav til interne og eksterne samarbeidspartnarar	x	x	x	x	HFK Økonomi- og organisasjonsavdelinga, Opplæringsavdelinga
<b>Tiltak 4.4</b> Stimulere til folkehelsetiltak på arbeidsplassane i HFK gjennom å nytte det etablerte IA-samarbeidet mellom NAV og HFK	x	x	x	x	HFK Økonomi- og organisasjonsavdelinga

## Tema 5: Aktivitet og sosial deltaking

Tiltak	2018	2019	2020	2021	Ansvar
<b>Tiltak 5.1</b> Styrke mangfoldet i aktivitet og deltaking for grupper som treng særskilt tilrettelegging	x	x	x	x	HFK Kultur- og idrettsavdelinga
<b>Tiltak 5.2</b> Støtte kommunane og lokalsamfunna i arbeidet med å integrere flyktningar og innvandrarar	x	x	x	x	HFK Regionalavdelinga
<b>Tiltak 5.3</b> Utlýsing av tilskotsmidlar for å auke tal på kommunar i Hordaland som utviklar frivilligheitspolitikk	x				HFK Regionalavdelinga
<b>Tiltak 5.4</b> Stimulere til kompetanseutvikling innanfor offentleg kulturforvaltning og innan kultur-, idrett- og friluftssektoren	x	x	x	x	HFK Kultur- og idrettsavdelinga
<b>Tiltak 5.5</b> Kartleggje bruk av fylkeskommunale bygg og lage strategi for meir bruk	x				HFK Eigedomsavdelinga
<b>Tiltak 5.6</b> Bidra til å vidareutvikle eit breitt og variert kultur- og idrettstilbod til barn og ungdom, mellom anna gjennom meir bruk av medverknad	x	x	x	x	HFK Kultur- og idrettsavdelinga
<b>Tiltak 5.7</b> Arbeide vidare med kulterkortløysing for å jamne ut økonomiske skilnader for deltaking	x	x	x	x	HFK Kultur- og idrettsavdelinga

# Tema 1: Heilskapleg folkehelsearbeid og universell utforming

Regional plan for folkehelse har som mål å bidra til eit meir inkluderande samfunn i Hordaland og utjamne sosial ulikhet i helse. For å lukkast med dette er det viktig å setje inn tiltak i retning meir helsefremjande samfunnsplanlegging, auka medverknad for alle, tiltak om universell utforming og korleis skapa gode og trygge lokalsamfunn og nærmiljø. Viktige innsatsområde vert å auke prioriteringar innan gode oppvekstmiljø, gode føresetnadar for læring, arbeid og fritid.

- Delmål 1.1** Samhandling skal fremje medverknad og god oppgåveløysing.  
**Delmål 1.2** Folkehelsearbeidet skal vere kunnskapsbasert.  
**Delmål 1.3** Folkehelseomsyn skal vere integrert i all areal- og samfunnsplanlegging.  
**Delmål 1.4** Hordaland skal vere eit universelt utforma samfunn innan 2025.

Tiltak 1.1	Legge til rette for auka samhandling med kommunane for utvikling av det systematiske og langsiktige folkehelsearbeidet for å fremje gode levekår.	2018-2021
Innhald	Riksrevisjonen (2015) har peika på at det framleis ikkje er eit godt nok systematisk og langsiktig folkehelsearbeid i mange kommunar og fylkeskommunar. Hordaland fylkeskommune vil, gjennom erfaringsutveksling, kompetansehevande samlingar/konferansar og liknande, auke merksemda på korleis styrke det systematiske, langsiktige og tverrsektorielle folkehelsearbeidet i kommunane.	
Ansvar	HFK Regionalavdelinga	
Samarbeidspartar	Kommunar, Fylkesmannen i Hordaland	
Ressursar/finansiering	Innafor budsjetttramme	
Forankring	Regional plan for folkehelse	

Tiltak 1.2	Støtte kommunane i arbeidet med å utvikle gode system for å sikre at utjamning av sosiale helseskilnader er tema i kommunane sine plandokument.	2019-2021
Innhald	Aukande sosiale helseskilnader er ei av dei største folkehelseutfordringane i vår tid. Det er eit mål å auke kompetanse om korleis ein på både lokalt og regionalt nivå kan setje i verk treffsikre tiltak, for å redusere sosiale helseskilnader og sikre gode system inn i samfunnsplanlegginga.	
Resultatmål	Registrere kor mange kommunar som behandler sosial utjamning i kommuneplanen sin samfunnsdel.	
Ansvar	HFK Regionalavdelinga	
Samarbeidspartar	Kommunane, ulike kompetansemiljø	
Ressursar/finansiering	Innafor budsjetttramme	
Forankring	Regional plan for folkehelse	

<b>Tiltak 1.3</b>	<b>Styrke involvering av dei lovfesta råda i kommunar og fylkeskommunen.</b>	2019-2021
Innhald	Det er viktig at dei lovfesta råda i fylkeskommunen og kommunane vert tekne tidlegare med i prosessar fram mot vedtak innan område som gjeld dei. Tiltaket skal sikra betre rutinar og tilbod om kompetanseheving, for enda breiare involvering av desse medverknadsorgana.	
Ansvar	HFK Regionalavdelinga	
Samarbeidspartar	Kommunane, Fylkesmannen i Hordaland, kommunale råd	
Ressursar/finansiering	Innafor budsjetttramme	
Forankring	Lov om folkehelsearbeid, Plan- og bygningslova	

<b>Tiltak 1.4</b>	<b>Kompetanseheving knytt til medverknad i plan- og utviklingsarbeid.</b>	2019-2020
Innhald	Styrke kommunane sin kompetanse på medverknadsprosessar. Målgruppa er tilsette i kommunane og rådgjevarar/konsulentar innan arealplanlegging og nærmiljøarbeid. Kompetansehevinga skal byggje på erfaring frå nærmiljøprosjektet. Kompetansedeling er eit mål med arbeidet i nærmiljøprosjektet.	
Ansvar	HFK Regionalavdelinga	
Samarbeidspartar	Kommunane	
Ressursar/finansiering	Innafor budsjetttramme	
Forankring	Regional planstrategi 2016-2020, Plan- og bygningslova, Regional plan for folkehelse	

<b>Tiltak 1.5</b>	<b>Auke kompetansen om bruk av helsekonsekvensutredning (HKU) i kommunal- og regional planlegging.</b>	2019
Innhald	Helsekonsekvensutredning (HKU) er eit godt eigna verktøy for å arbeide systematisk med folkehelse på tvers av sektorar. Gjennom samlingar og konferansar vil ein synleggjere korleis helsekonsekvensutredningar kan nyttast som verktøy i planlegging av tiltak og satsingar som påverkar befolkninga si helse.	
Ansvar	HFK Regionalavdelinga	
Samarbeidspartar	Kommunane, kunnskapsmiljø, fagavdelingar i fylkeskommunen	
Ressursar/finansiering	Innafor budsjetttramme	
Forankring	Regional plan for folkehelse	

<b>Tiltak 1.6</b>	<b>Støtte kommunane i arbeidet med å utvikle eit system for løpende oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar.</b>	2018-2019
Innhald	Gjennom erfaringsutveksling bidra til at kommunane finn konkrete og gode løysingar på oppgåva med å ha eit system for det løpende oversiktsarbeidet.	
Ansvar	HFK Regionalavdelinga	
Samarbeidspartar	Kommunar	
Ressursar/finansiering	Innafor budsjetttramme	
Forankring	Lov om folkehelsearbeid, Regional plan for folkehelse	

<b>Tiltak 1.7</b>	<b>Etablere og utvikle regionalt samarbeidsorgan for folkehelsearbeidet i Hordaland.</b>	2018-2021
Innhald	Målet med tiltaket er på kort sikt å forankre og følge med utviklingsarbeidet i kommunane gjennom <i>Program for folkehelsearbeid</i> i Hordaland. På lengre sikt vurdere å utvikle eit strategisk organ for å ivareta rolla som regional utviklar i folkehelsearbeidet.	
Ansvar	HFK Regionalavdelinga	
Samarbeidspartar	Kommunane, høgskular/universitet og kompetansesentre, Fylkesmannen i Hordaland og andre relevante aktørar	
Ressursar/finansiering	Innafor budsjetttramme	
Forankring	Regional plan for folkehelse, Program for folkehelsearbeid i kommunane 2017-2027	

<b>Tiltak 1.8</b>	<b>Bygge kompetanse i kommunane for å evaluere tiltak i folkehelsearbeidet.</b>	2018-2021
Innhald	Alle kommunar i fylket skal få auka kompetanse på evaluering av folkehelsetiltak.	
Ansvar	HFK Regionalavdelinga	
Samarbeidspartar	Kommunar, forskings- og kompetansemiljø	
Ressursar/finansiering	Innafor budsjetttramme	
Forankring	Regional plan for folkehelse, Program for folkehelsearbeid i kommunane	

<b>Tiltak 1.9</b>	<b>Utvikle helsefremjande barnehagar og skular</b>	2018-2021
Innhald	Samarbeide med Bergen kommune om å utarbeide eit pilotprosjekt på helsefremjande barnehagar og skular.	
Resultatmål	Fleire helsefremjande barnehagar og skular i Hordaland.	
Ansvar	HFK Regionalavdelinga	
Samarbeidspartar	Bergen kommune	
Ressursar/finansiering	Innafor budsjetttramme	
Forankring	Regional plan for folkehelse	

<b>Tiltak 1.10</b>	<b>Søke om opptak i Program for folkehelsearbeid i kommunane.</b>	2018
Innhald	Søke opptak i tilskotsordning under nasjonalt Program for folkehelsearbeid i kommunane 2017-2027. Tilskotsordninga skal bidra til å fremje samarbeid på tvers av sektorar for å få fram gode universelle tiltak retta mot breie grupper barn og unge frå 0 til 24 år i kommunane. Fylkeskommunen skal samordne programarbeidet regionalt. Arbeid med utvikling av søknad og prosjektskisse med mål om opptak i programmet i 2018 er i gong. Alternativt neste søknadsfrist som er 2019. Planlagt prosjektperiode fem år frå opptak i programmet.	
Ansvar	HFK Regionalavdelinga	
Samarbeidspartar	Kommunane, regionale kompetansesentre, Fylkesmannen i Hordaland, KS, frivillig sektor, forskings- og kompetansemiljø, Helsedirektoratet, andre relevante aktørar	
Ressursar/finansiering	Nasjonale tilskotsmidlar	
Forankring	Politisk vedtak om deltaking i Hordaland fylkesting juni 2017, Folkehelsemeldinga 2014-15, Regional plan for folkehelse	

<b>Tiltak 1.11</b>	<b>Hordaland som programfylke - samordne programarbeidet regionalt i Program for folkehelsearbeid i kommunane.</b>	2018-2021
Innhald	Under føresetnad av opptak av Hordaland i det nasjonale programmet i 2018 eller 2019, skal fylkeskommunen bidra til å samordne programmet for å sikre at resultatløfta i programmet vert nådde. Tiltaksutviklinga i kommunane skal fremje barn og unge sin livskvalitet og psykiske helse, og det rusførebyggjande arbeidet.	
Evaluering	Tiltak og metodar utvikla innanfor tilskotsordninga skal evalueraast i samarbeid med forskings- og kompetansemiljø.	
Ansvar	HFK Regionalavdelinga	
Samarbeidspartar	Kommunane, regionale kompetansesentre, Fylkesmannen i Hordaland, KS, frivillig sektor, forskings- og kompetansemiljø, Helsedirektoratet, andre relevante aktørar	
Ressursar/finansiering	Nasjonale tilskotsmidlar	
Forankring	Politisk vedtak om deltaking i Hordaland fylkesting juni 2017, Folkehelsemeldinga 2014-15, Regional plan for folkehelse	

<b>Tiltak 1.12</b>	<b>Revidere innhald i samarbeidsavtalar mellom tannhelsetenesta i Hordaland og kommunane.</b>	2018-2019
Innhald	For å kunne gje innbyggjarane i Hordaland det tannhelsetilbodet dei har rett på og oppfylle krav i tannhelsetenestelova, er det inngått samarbeidsavtalar med kommunane i Hordaland. Innhaldet i avtalane skal reviderast og avtalane skal signerast på nytt.	
Ansvar	HFK Tannhelsetenesta	
Samarbeidspartar	Kommunar i Hordaland, Sogn og Fjordane fylkeskommune, Rogaland fylkeskommune	
Ressursar/finansiering	Innafor budsjetttramme	
Forankring	Strategiplan for folkehelsearbeid 2016-2019, Tannhelsetenesta i Hordaland fylkeskommune	

<b>Tiltak 1.13</b>	<b>Søke medlemskap i Sunne kommuner.</b>	2019
Innhald	<i>Sunne kommuner</i> er eit nettverk av kommunar og fylkeskommunar som samarbeider og utvekslar erfaringar frå folkehelsearbeidet. Medlemsskapet skal bidra til betre kunnskapsdeling og utviklingsarbeid i Hordaland.	
Ansvar	HFK Regionalavdelinga	
Samarbeidspartar	WHOs norske nettverk	
Ressursar/finansiering	90.000 per år. Innafor budsjetttramme	
Forankring	Regional plan for folkehelse	

<b>Tiltak 1.14</b>	<b>Gjennomføre folkehelseundersøking i fylket.</b>	2018-2019
Innhald	Gjennomføre ei spørjeundersøking i Hordaland. Resultata skal gjennomgåast, analyserast og formidlast, internt og i samarbeid med kommunane. Utvikle samarbeid med forskingsmiljø.	
Ansvar	HFK Regionalavdelinga	
Samarbeidspartar	Folkehelseinstituttet, eventuelt andre relevante kompetanseområder	
Ressursar/finansiering	Innafor budsjetttramme	
Forankring	Regional plan for folkehelse	

<b>Tiltak 1.15</b>	<b>Etablere struktur og rutinar for formidling av kunnskap til kommunane.</b>	2018-2021
Innhald	Hordaland fylkeskommune skal støtte kommunane i å drive kunnskapsbasert folkehelsearbeid. Målsettinga er å utvikle gode måtar å formidle og halde kommunane oppdaterte på faget. Til dømes gjennom oppfølging av Ungdataundersøkinga.	
Ansvar	HFK Regionalavdelinga	
Samarbeidspartar	Kommunar	
Ressursar/finansiering	Innafor budsjetttramme	
Forankring	Regional plan for folkehelse	

<b>Tiltak 1.16</b>	<b>Utvikle tverrasektorelt arbeid med universell utforming i fylkeskommunen.</b>	2019
Innhald	Det pågår mykje arbeid innafor universell utforming i Hordaland fylkeskommune, men det er behov for meir samordning av arbeidet for å dra full nytte av ressursbruk og betre måloppnåing. Tiltaket skal sikre ansvarsdeling og struktur for eit meir systematisk arbeid med universell utforming på tvers i fylkeskommunen.	
Ansvar	HFK Regionalavdelinga	
Samarbeidspartar	Alle avdelingane i Hordaland fylkeskommune	
Ressursar/finansiering	Innafor budsjetttramme	
Forankring	Regional planstrategi 2016-2020, Regional plan for folkehelse, Temaplan – Likeverd i Hordaland fylkeskommune 2017-2021	

<b>Tiltak 1.17</b>	<b>Kartlegging av universell utforming i regionale senter som grunnlag for områdereguleringsplanar og handlingsprogram i kommunane.</b>	2020
Innhald	Kartlegging av eksisterande situasjon vert nytta som grunnlag for planarbeid, for å nå mål om universelt utforma senter innan 2025.	
Ansvar	HFK Regionalavdelinga	
Samarbeidspartar	Kommunane, statlege etatar	
Ressursar/finansiering	Innafor budsjetttramme, tilskot Statens kartverk, KS, m.fl.	
Forankring	Regional plan for attraktive senter 2015 - 2026, retningsliner for arealplanar i sentrumsområde, Regional plan for folkehelse	

<b>Tiltak 1.18</b>	<b>Gjere registrering av universell utforming av fylkeskommunale bygg tilgjengeleg for brukarane</b>	2019
Innhald	Registrering av universell utforming av fylkeskommunale bygg skal gjerast i samsvar med «Byggforsk sjekkliste» Resultata skal leggast inn i <u>Bygg for alle.no</u> og vere lett tilgjengeleg for brukarane.	
Resultatmål	Dei fylkeskommunale bygga er universelt utforma og informasjonen om bygga er lett tilgjengeleg til offentleg bruk på Byggforalle.no.	
Ansvar	HFK Egedomsavdelinga	
Samarbeidspartar	Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, andre relevante partar	
Ressursar/finansiering	Innafor budsjetttramme, tilskot KS m.fl.	
Forankring	Regional plan for folkehelse	

<b>Tiltak 1.19</b>	<b>Evaluere nettsidene til Hordaland fylkeskommune med omsyn til universell utforming.</b>	2020
Innhald	Nettsidene til Hordaland fylkeskommune skal vere universelt utforma.	
Ansvar	HFK Økonomi- og organisasjonsavdelinga	
Samarbeidspartar	Vurderast seinare	
Ressursar/finansiering	Innafor budsjetttramme	
Forankring	Regional plan for folkehelse, Temaplan – Likeverd i Hordaland fylkeskommune 2017-2021	

<b>Tiltak 1.20</b>	<b>Årshjul for kompetanseheving innan universell utforming.</b>	2020
Innhald	Tiltaket skal sikra kontinuerlig opplæring av aktørar som har ansvar for universell utforming. Tiltaket skal vere sektorovergripande og dekke opplæring av mellom anna politikare, planleggjarar, dei som legg til rette for og driv med innkjøp innan transport og bygg.	
Ansvar	HFK Regionalavdelinga	
Samarbeidspartar	Eigedom-, Samferdsel-, og Økonomi- og Organisasjonsavdelinga, Husbanken region Vest	
Ressursar/finansiering	Førebels uavklart	
Forankring	Regional plan for folkehelse, Temaplan – Likeverd i Hordaland fylkeskommune 2017-2021	

<b>Tiltak 1.21</b>	<b>Etablere arena for kompetanseheving og nytenking som fremjer eit universelt utforma samfunn.</b>	2020-2021
Innhald	Hordaland fylkeskommune skal gjennom sine verkemiddel legge til rette for arenaer, kunnskap og haldningar som kan bidra til å byggje ned barrierar og gjøre at fleire kan vere sjølvhjelpe i kvardagen, til dømes ved utvikling av teknologi og tenester.	
Ansvar	HFK Regionalavdelinga	
Samarbeidspartar	Relevante samarbeidspartar innan design og utdanning	
Ressursar/finansiering	Innafor budsjetttramme	
Forankring	Regional plan for folkehelse, Temaplan – Likeverd i Hordaland fylkeskommune 2017-2021	

# Tema 2: Lokalsamfunn, nærmiljø og bustader

Helse vert både skapt og utvikla der vi bor, går på skule, arbeider, leikar og trivast, nemlig i nærmiljøa og lokalsamfunna våre. Difor er helsevennlege lokalsamfunn berebjelken i folkehelsearbeidet. Kvaliteten på dei fysiske, psykiske og sosiale omgjevnadene er viktig for trivsel, livskvalitet og helse. Gode lokalsamfunn, nærmiljø og bustader fremjar god folkehelse.

**Delmål 2.1** Gode, trygge og aktive nærmiljø for befolkninga.

**Delmål 2.2** Gode friluftsområde for alle.

**Delmål 2.3** Bustader til folk med ulike behov i gode nærmiljø.

**Delmål 2.4** Færre skader og ulykker.

Tiltak 2.1	Vidareutvikle gode læringsmiljø i skulebygg basert på klima- og miljøvennlege prosessar og materiale	2018-2019
Innhald	Det er trond for meir kunnskap om erfaringar frå brukerar knytt til materialval og utforming av skulebygg. Ein vil sjå på muligheten for å knytte til seg forskingsmiljø for å kome med innspel til vidare utvikling. Dette kjem som eit tillegg til miljømerking av bygga.	
Resultatmål	Auka tilfredsheit jamfør brukarundersøkinga og Ungdata.	
Ansvar	HFK Opplæringsavdelinga, Egedomsavdelinga, Regionalavdelinga	
Samarbeidspartar	Høgskulen på Vestlandet, Bergen Arkitekthøgskule, UiB Fakultet for kunst, musikk og design	
Ressursar/finansiering	Innafor budsjetttramme	
Forankring	Klimaplan for Hordaland 2014 - 2030, Regional næringsplan for Hordaland 2013 - 2017	

Tiltak 2.2	Arbeide systematisk med tryggare skulevegar.	2018-2021
Innhald	Det er både ei nasjonal og regional målsetting at 80 % av skuleeleverne skal gå eller sykle til skulen. Skal målet bli nådd må tilkomstvegane vere trafikksikre. Det vert jobba med å etablere gang- og sykkelveg der dette manglar. Trygg Trafikk opplyser at fire av ti foreldre opplever skulevegen som usikker. Dette er ei av årsakene til at mange vel å køyre barna. Trygg skuleveg handlar difor ikkje berre om infrastruktur, men og om å redusere biltrafikken kring skulen. Prosjektet <i>Hjertesone</i> har som målsetting å trygge området kring skulane, slik at fleire elevar er sikra trygg skuleveg. I tillegg vert det arbeida systematisk og tverrasektorelt med godkjenningsordninga Trafikksikker kommune. Dette arbeidet kvalitetssikrar kommunane sitt trafikksikringsarbeid.	
Resultatmål	Fleire <i>Hjertesone</i> -skular, og fleire godkjende «Trafikksikker-kommunar».	
Ansvar	HFK Samferdselsavdelinga	
Samarbeidspartar	Trygg Trafikk, kommunane	
Ressursar/finansiering	Innafor budsjetttramme	
Forankring	Regional transportplan Hordaland 2018-2029	

<b>Tiltak 2.3</b>	<b>Gi støtte til aktivitet og trivsel i sentrumsområde.</b>	2018-2021
Innhald	Fylkeskommunale verkemiddel skal bidra til å auke kvaliteten i uteområde. Dette til dømes ved å gi økonomisk støtte til aktivitets-uterom i sentrumsområde for alle generasjonar og gjennom planarbeid. Midlertidige anlegg/førebelse byrom kan nyttast som ein metode for erfaringssamling og auka aktivitet i senterområde der ein ønskjer høgare kvalitet.	
Resultatmål	Identifisere alle aktuelle verkemiddel og oppgåver med behov for endring.	
Ansvar	HFK Regionalavdelinga, Kultur- og idrettsavdelinga	
Samarbeidspartar	Kommunane, relevante kompetansemiljø	
Ressursar/finansiering	Ulike støtteordningar	
Forankring	Regional plan for attraktive senter i Hordaland 2015-2026	

<b>Tiltak 2.4</b>	<b>Sluttføre prosjekt nærmiljø og lokalsamfunn som fremjer folkehelse.</b>	2019
Innhald	Pågåande metode- og utviklingsarbeid for å få fram breiare kunnskapsgrunnlag for kommunale planprosessar. Dette gjennom utvikling og utprøving av kvalitative metodar for medverknad frå befolkninga.	
Resultatmål	Ved prosjektslutt skal kommunane ha:  Betre kvalitative oversikter over folkehelseutfordringar som grunnlag for kommunale planprosessar og avgjerder.  Betre kunnskap om korleis folk har det i nærmiljø og lokalsamfunn, og meir kunnskap om kva som bidreg til livskvalitet og trivsel.  Ha utvikla og/eller prøvd ut medverknadsmåtar med ulike befolknings- og aldersgrupper i nærmiljø og lokalsamfunn.	
Evaluering	Prosjektet blir evaluert: Høgskulen i Volda - nasjonal evaluator. Høgskulen på Vestlandet - regional evaluator/følge-med miljø	
Ansvar	HFK Regionalavdelinga	
Samarbeidspartar	Kommunane Askøy, Bømlo, Fjell og Stord. Høgskulen på Vestlandet. Helsedirektoratet	
Ressursar/finansiering	Årleg 2016-2018: kr 2 mill. + eigen finansiering Nasjonale prosjektmidlar over statsbudsjettet. Eigne driftsmidlar	

<b>Tiltak 2.5</b>	<b>Fordele spelemidlar på basis av gjeldande anleggspolitikk i Hordaland</b>	2018-2021
Innhald	Anleggsutvikling er eit viktig verkemiddel for å nå visjonen <i>Aktiv kvar dag</i> for folk i Hordaland. Gode tilrettelagte anlegg er viktige møteplassar i nærmiljøet, og aukar deltaking og trivsel.	
Ansvar	HFK Kultur- og idrettsavdelinga	
Samarbeidspartar	Kommunane og lag og organisasjoner	
Ressursar/finansiering	Ulike støtteordningar	
Forankring	Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025	

<b>Tiltak 2.6</b>	<b>«Frå heim til skule på eigne bein» – Utvikle kartreiskap til bruk i planlegging.</b>	2019-2020
Innhald	Det skal utviklast ein kartreiskap til bruk i planlegging av nye bustadområde i heile fylket, for å bidra til trygg ferdsel til fots og på sykkel. Registrering av farleg skuleveg i kommunane skal bli meir konkret, så den kjem til betre nytte ved hjelp av denne kartløysinga.	
Ansvar	HFK Regionalavdelinga	
Samarbeidspartar	Skyss	
Ressursar/finansiering	Innafor budsjetttramme	
Forankring	Regional plan for folkehelse	

<b>Tiltak 2.7</b>	<b>Utvikle eit breitt og variert friluftslivstilbod til barn og ungdom gjennom mellom anna meir bruk av medverknad.</b>	2019-2020
Innhald	Ein skal legge til rette for at fleire skal kunne delta i friluftsliv på jamn basis og i eit breitt spekter.	
Resultatmål	Etablere strukturert og open prosess for avklaring av regionale interesser.	
Ansvar	HFK Kultur- og idrettsavdelinga	
Samarbeidspartar	Kommunar, friluftsråd, lag og organisasjoner	
Ressursar/finansiering	Innanfor budsjetttramme, ulike tilskotsordningar	
Forankring	Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025	

<b>Tiltak 2.8.</b>	<b>Systematisk arbeid for redusere talet på omkomne og alvorleg skadde på vegnettet i Hordaland</b>	2018-2021
Innhald	Nullvisjonen om ingen omkomne eller hardt skadde i trafikken er utgangspunktet for trafikksikringsarbeidet. Fylkeskommunen som vegeigar må prioritere særleg utsette stadar, som til dømes strekningar som er utsette for ras, farlege skulevegar og kryss med høg ulykkesstatistikk. Kommunane har gjennom lovverket ansvar for utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar. Planane skal vere heilskaplege og gje innspel om tiltak på riks- og fylkesvegnettet. Fylkeskommunen har etter vegtrafikklova ansvar for å tilrå og samordne tiltak for å fremje trafikksikringa i fylket.	
Ansvar	HFK Samferdselsavdelinga	
Samarbeidspartar	Trygg Trafikk, kommunane	
Ressursar/finansiering	Innafor budsjetttramme	
Forankring	Regional transportplan Hordaland 2018-2029	

<b>Tiltak 2.9</b>	<b>Samanstilling av gang- og sykkeltilbodet, samt gjennomføring av ei sykkelundersøking i Bergensområdet tilsvarande «Oslosyklisten»</b>	2018-2021
Innhald	Undersøking for å få betre kunnskap om alle som syklar i Bergensområdet, og om dei som ikkje syklar.	
Resultatmål	Større kunnskap om potensielle syklistar og deira behov for tilrettelegging.	
Ansvar	HFK Samferdselsavdelinga	
Samarbeidspartar	Kommunar, Statens Vegvesen, Prosjektkontoret for sykkel og mobilitet i Bergen	
Ressursar/finansiering	Innafor budsjetttramme	
Forankring	Regional transportplan Hordaland 2018-2029	

<b>Tiltak 2.10</b>	<b>Gang- og sykkeltiltak i regionsentra</b>	2018-2021
Innhald	Oppdatere kunnskapsgrunnlag og sette i gang planarbeid på gang- og sykkeltiltak i regionsentra Straume, Kleppestø, Knarvik og Osøyro. Deretter utvide til å gjelde dei resterande regionsentra. Vurdere å inngå sykkelbyavtaler med regionsentra.	
Resultatmål	Inngå fleire sykkelbyavtaler for å auke sykkelandelen i regionsentra.	
Ansvar	HFK Samferdselsavdelinga	
Samarbeidspartar	Aktuelle kommunar, Statens Vegvesen	
Ressursar/finansiering	Innafor budsjetttramme	
Forankring	Regional transportplan Hordaland 2018-2029	

<b>Tiltak 2.11</b>	<b>Auke kunnskapen om omfanget av skadar og ulykker</b>	2019
Innhald	Gjennom samarbeid med kommunane skal det utviklast prosjekt for betre å etterspørje, hente ut og utnytte eksisterande data og å utvikle betre data.	
Ansvar	HFK Regionalavdelinga	
Samarbeidspartar	Helse Bergen, Helsedirektoratet	
Ressursar/finansiering	Innafor budsjetttramme	
Forankring	Regional plan for folkehelse	

# Tema 3. Oppvekst og læring

Utdanningsnivået er den viktigaste indikatoren på sosial ulikskap i helse og ein grunnleggjande føresetnad for inkludering i samfunnet. Sosial bakgrunn, skuleprestasjonar og helserelaterte forhold gjer saman med oppleving av meistring, motivasjon og psykisk helse, viktige føringer på skuleprestasjonar og fråfall i vidaregåande skule. Det er auka risiko for helse- og levekårproblematikk gjennom livet for dei som ikkje fullfører vidaregåande skule.

**Delmål 3.1** Barnehagar og skular skal ha helsevennlege og gode bygg og uteareal.

**Delmål 3.2** Barnehagar, grunnskular og vidaregåande skular skal arbeide helsefremjande.

**Delmål 3.3** Det skal vere koordinert innsats og godt samarbeid mellom aktørar som arbeider med levekåra og helse til barn og unge gjennom heile utdanningsløpet.

**Delmål 3.4** 80 prosent av elevane skal gjennomføre vidaregåande opplæring på fem år.

**Delmål 3.5** Auka kunnskap om barn og unge sin situasjon levekår og helse.

**Delmål 3.6** 80 prosent av barn og unge skal gå eller sykle til skule.

Tiltak 3.1	Auke delen elevar i vidaregåande skule som får karakter i kroppsøvingsfaget.	2018-2019
Innhald	Elevar i vidaregåande skule får ikkje godkjend vitnemål på grunn av manglande karakter i kroppsøving. Det er difor naudsynt å styrke kroppsøvingsfaget i form av tilrettelegging og auka kompetanse, slik at elevane består vidaregåande opplæring.	
Resultatmål	Auka del elevar som fullførar og består vgs., både på normert tid og etter fem år. Auka del elevar som fullførar og består kroppsøving.	
Ansvar	HFK Opplæringsavdelinga	
Samarbeidspartar	Kultur- og idrettsavdelinga i Hordaland fylkeskommune, Idrettscampus Bergen	
Ressursar/finansiering	118 000; Opplæringsavdelinga i Hordaland fylkeskommune og Idrettscampus Bergen	
Forankring	Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025, Regional plan for folkehelse. Styringsdokument for pedagogisk utviklingsarbeid 2016 – 18.	

<b>Tiltak 3.2</b>	<b>Vidareutvikle kompetansesatsinga i det nasjonale programmet Fiskesprell.</b>	2018-2021
Innhald	Målgruppa er tilsette i barnehagar og elevar ved barne- og ungdomsarbeidarlinje i vidaregåande skuler i Hordaland.	
Resultatmål/Effektmål	Gjennomføre kurs for 80 tilsette i barnehage og SFO, og 26 elevar i vidaregåande skule (barne- og ungdomsarbeidar) i 2018. Det vert utarbeidd årlege resultatmål. Effektmålet er å utarbeide eit system for å registrere kor ofte fisk vert servert i desse barnehagane.	
Ansvar	HFK Regionalavdelinga	
Samarbeidspartar	Norges Sjømatråd og Hordaland fylkeskommune; andre avdelingar (Opplæringsavdelinga, Tannhelsetenesta)	
Ressursar/finansiering	Statleg tilskot, fylkeskommunale midlar	
Forankring	Regional plan for folkehelse, Helsedirektoratet	

<b>Tiltak 3.3</b>	<b>Etablere forprosjekt Nettvett og digital dømmekraft til Vg1-elevar og lærarar.</b>	2018
Innhald	Utvikle eit opplegg som kan gjennomførast på vg1 av og med elevar på alle dei vidaregåande skulane i Hordaland. Lærarar og leiing vil og få auka kompetanse om digital dømmekraft og nettvett. Forprosjektet er allereie under utvikling.	
Resultatmål	Auka del elevar som fullførar og består vgs. - både på normert tid og etter fem år. Elevundersøkinga: indikatorar for trivsel og digital mobbing.	
Evaluering	Forprosjektet skal evaluerast med tanke på vidareføring	
Ansvar	HFK Opplæringsavdelinga	
Samarbeidspartar	Ikkje avklart	
Ressursar/finansiering	Innafor budsjetttramme	
Forankring	Styringsdokumentet for pedagogisk utviklingsarbeid 2016 – 2018, Regional planstrategi 2016-2020, Temaplan – Likeverd i Hordaland fylkeskommune 2017-2021	

<b>Tiltak 3.4</b>	<b>Vidareføre tilbod med gratis skulefrukost.</b>	2018-2021
Innhald	Gratis skulefrukost til fleire skular i fylkeskommunen som eit universelt tiltak for å betre matvanar og auke læringsutbyte. 60 prosent av vidaregåande skular er med i ordninga i 2017.	
Resultatmål	Auka del elevar som fullførar og består vgs., både på normert tid og etter fem år. Elevundersøkinga: trivselsindikatorar og elevfråvær.	
Evaluering	Planlagt rapportering (eigenevaluering) første gang i 2018.	
Ansvar	HFK Opplæringsavdelinga	
Samarbeidspartar	Vidaregåande skular, Nasjonalt senter for mat, helse og fysisk aktivitet	
Ressursar/finansiering	Innafor budsjetttramme	
Forankring	Nasjonal faglig retningslinje for mat og måltider i skolen, Helsedirektoratet, Regional planstrategi 2016-2020, Styringsdokumentet for pedagogisk utviklingsarbeid 2016-2018	

<b>Tiltak 3.5</b>	<b>Innsats for å betre psykososialt miljø for elevar på yrkesfaglege utdanningsprogram gjennom kompetanseheving for lærarar.</b>	2018-2021
Innhald	Lærarar skal få auka kompetanse som fremjer eit betre psykososialt miljø for elevane. Elevundersøkingar visar at fleire elevar på yrkesfaglege utdanningsprogram opplever mobbing.	
Resultatmål	Auka del elevar som fullførar og består vgs., både på normert tid og etter fem år. Elevundersøkinga: trivselsindikatorar og mobbetal. Fullføringstal (årsbasis)	
Ansvar	HFK Opplæringsavdelinga	
Samarbeidspartar	Skulane	
Ressursar/finansiering	Innafor budsjetttramme	
Forankring	Regional planstrategi 2016-2020, Styringsdokumentet for pedagogisk utviklingsarbeid 2016-2018	

<b>Tiltak 3.6</b>	<b>Styrke kompetansen om folkehelse og livsmeistring i vidaregåande skular.</b>	<b>2019-2021</b>
Innhald	Etter nye prinsipp og verdiar for grunnopplæringa skal folkehelse og livsmeistring som tverrfagleg tema få meir plass i skulen. Lærarane skal få auka kompetanse om kva faktorar som fremjar god psykisk og fysisk helse, og som gir elevane moglegheit til å ta ansvarlege livsval.	
Resultatmål	Auka del elevar som fullfører og består vgs., både på normert tid og etter fem år. Ungdataundersøkinga: indikatorar for psykiske helseplager, rus og mobbing. Elevundersøkinga: mobbetal.	
Ansvar	HFK Opplæringsavdelinga	
Samarbeidspartar	Skulane, Energisenteret for barn og ungdom, relevante kompetansemiljø	
Ressursar/finansiering	Innafor budsjetttramme	
Forankring	Styringsdokument for pedagogisk utviklingsarbeid 2016 – 2018, Handlingsplan mot diskriminering av lesbiske, homofile, bifile og transpersonar i HFK, Retningslinjer for rusførebyggande arbeid i dei vidaregåande skulane (gjeldande frå 2018), Regional planstrategi 2016-2020.	

<b>Tiltak 3.7</b>	<b>Vidareutvikle og implementere undervisningsprogrammet HEART (helse, ernæring, aktivitet, rusførebygging og tannhelse) i ungdomskulen.</b>	<b>2018-2021</b>
Innhald	HEART er eit digitalt undervisningsprogram for elevar i 8. og 9. klasse i grunnskulen. Programmet er eit kunnskapsbasert folkehelseprogram med temaa helse, ernæring, aktivitet, rusførebygging og tannhelse.	
Resultatmål	Frå 2019 og kvart år framover skal programmet inn i minst fem ungdomsskular i Hordaland årleg.	
Ansvar	HFK Tannhelsetenesta	
Samarbeidspartar	Tannhelse Rogaland FKF, Tannhelsetenesta Sogn og Fjordane fylkeskommune, Helsedirektoratet, kommunane	
Ressursar/finansiering	100 000 per år (Hordaland fylkeskommune; tannhelsetenesta), statlege midlar	
Forankring	Strategiplan for folkehelsearbeid 2016-2019, Tannhelsetenesta i Hordaland fylkeskommune	

<b>Tiltak 3.8</b>	<b>Auke tal på skular i Hordaland som deltek i Ungdataundersøkinga.</b>	2018-2021
Innhald	Undersøkinga dekker sentrale sider ved dei unge sin livsstil og livssituasjon. Gjennom Ungdata kan kommunar og fylkeskommunar få kartlagt sentrale sider ved unge sine liv. Deltakinga i undersøkinga skal samkjørast med skulane sine heimkommunar.	
Resultatmål	I 2019 skal alle ungdomsskular og vidaregåande skular ha gjennomført Ungdata i løpet av dei to siste åra.	
Ansvar	HFK Opplæringsavdelinga, HFK Regionalavdelinga	
Samarbeidspartar	KoRus Vest Bergen, kommunane i Hordaland	
Ressursar/finansiering	Nasjonale midlar, fylkeskommunale midlar	
Forankring	Regional plan for folkehelse, Styringsdokument for pedagogisk utviklingsarbeid 2016 – 2018.	
<b>Tiltak 3.9</b>	<b>Vidareføre Complete-forskningsprosjekt (<i>Drømmeskolen og Nærværsteam</i>).</b>	2018-2020
Innhald	COMPLETE er eit forskningsprosjekt utvikla for å betre psykososiale læringsmiljø i vidaregåande opplæring og dermed bidra til å auke gjennomføring og nærvær i vidaregåande skule. Forskningsprosjektet går over fire år med start hausten 2016 og slutt våren 2020.	
Resultatmål	Auka del elevar som fullførar og består vgs., både på normert tid og etter fem år. Elevundersøkinga: trivselsindikatorar. Redusert fråvær.	
Ansvar	HFK Opplæringsavdelinga	
Samarbeidspartar	Nordland, Sogn og Fjordane og Troms fylkeskommunar, Universitetet i Bergen (HEMIL-senteret er prosjektleiar), Nordlands-forsking, Oxford Research.	
Ressursar/finansiering	Statlege midlar	
Forankring	Styringsdokument for pedagogisk utviklingsarbeid 2016 – 2018.	
<b>Tiltak 3.10</b>	<b>Kompetanseheving knytt til positiv seksuell helse for elevar i vidaregåande skule.</b>	2020-2021
Innhald	Med tanke på seksuell helse i eit folkehelseperspektiv, treng elevane på Vg1 kompetanseheving om identitet, sjølvbestemming, meistring og råderett. I tillegg treng dei kunnskap om konsekvensar av biletetedeling på nett, jamfør resultat henta frå Ungdata 2017.	
Resultatmål	Auka del elevar som fullførar og består vgs., både på normert tid og etter fem år. Ungdataindikatorar om psykisk helse.	
Ansvar	HFK Opplæringsavdelinga	
Samarbeidspartar	Skulehelsetenesta, andre	
Ressursar/finansiering	Fylkeskommunale midlar	
Forankring	Styringsdokument for pedagogisk utviklingsarbeid 2016 – 2018, Regional planstrategi 2016-2020.	

<b>Tiltak 3.11</b>	<b>Samordne ulike modellar for sykkeloplæring i skulen for å stimulere til auka bruk av sykkel hos born i kvardagen.</b>	2018
Innhald	Det er eit mål å auke bruk av sykkel til rekreasjon, trening og som framkomstmiddel gjennom å lage gode modellar for sykkeloplæring i skulen. Det er fleire ulike prosjekt som tilbyr verktøy knytt til dette tiltaket.	
Resultatmål	Utvikle metode i samråd med kommunane og kultur- og idrettsaktørane.	
Ansvar	HFK Samferdselsavdelinga, HFK Kultur- og idrettsavdelinga	
Samarbeidspartar	Norges Cykleforbund, region vest ( <i>Alle barn sykler</i> ), Bergen kommune, skulane (Bergensprogrammet)	
Ressursar/finansiering	500 000 (Kultur- og idrettsavdelinga, HFK, tilskotsordning knytt til sykkel og folkehelse), trafikksikringsmidlar og tilskot til sykkelparkering (Klima- og naturressursseksjonen, HFK)	
Forankring	Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025	

# Tema 4: Arbeid og arbeidsplassen

Arbeid- og yrkesdeltaking sikrar gode levekår i befolkninga, bidrar til å jamne ut sosiale helseeskilnader og er viktig for inkludering, integrering, livskvalitet og kjensla av meistring. Å vere utan arbeid aukar risikoen for langvarig lidning, og dei sosiale konsekvensane av sjukdom er større jo lågare utdanning ein har.

- Delmål 4.1** Auke arbeidsdeltakinga og betre overgangen mellom vidaregåande opplæring og arbeid.
- Delmål 4.2** Auka deltaking i arbeidslivet gjennom fleire universelt utforma arbeidsplassar.
- Delmål 4.3** Auke deltaking i arbeidslivet gjennom meir satsing på helsefremjande arbeidsplassar.

Tiltak 4.1	Vidareføre prosjekt <i>Auka gjennomføring - fleire ut i lære.</i>	2018-2019
Innhald	Den to-årige forsøksordninga med yrkesfaglege koordinatorar som er ein del av prosjektet <i>Auka gjennomføring – fleire ut i lære</i> , har som mål at fleire fullfører yrkesfagleg utdanning. Ordninga vert gjennomført ved fem skular, og skal gjere tydlegare skulen si rolle med å skaffe læreplassar i regionen eleven høyrer til. Prosjektet skal sjåast i samanheng med komande forskingsoppdrag. Det skal òg etablerast samarbeid med opplæringskontora.	
Resultatmål	Færre som sluttar på yrkesfag. Fleire elevar følgjer normert prosesjon frå vg2 til vg3 (lære). Auka del elevar som fullførar og består vgs., både på normert tid og etter 5 år.	
Ansvar	HFK Opplæringsavdelinga	
Samarbeidspartar	Skulane, næringslivet	
Ressursar/finansiering	Det vert løyvd ressursar til forsøksordninga, i budsjettet for 2017 og 2018	
Forankring	Fylkestingsvedtak 14.6.16, Regional planstrategi 2016-2020	

Tiltak 4.2	Arbeide aktivt for å rekruttere og halde på fleire medarbeidarar med funksjonsnedsetting i Hordaland fylkeskommune.	2018-2021
Innhald	Hordaland fylkeskommune ønskjer eit mangfold av dyktige medarbeidarar, og må legge til rette både for ei brei rekruttering og for å halde på tilsette. Menneske med nedsett funksjonsevne kan trengje ekstra tiltak i første fase, særleg ved tilsetting og tilrettelegging på arbeidsplassen for å kome inn som langsiktig arbeidstakar.	
Ansvar	HFK Økonomi- og organisasjonsavdelinga	
Samarbeidspartar	NAV	
Ressursar/finansiering	Innafor budsjetttramme	
Forankring	Regional plan for folkehelse, Temaplan – Likeverd i Hordaland fylkeskommune	

<b>Tiltak 4.3</b>	<b>Framheve sunt kosthald i kantiner i fylkeskommunale bygg gjennom krav til interne og eksterne samarbeidspartnarar.</b>	2018-2021
Innhald	Sikre at kantiner i fylkeskommunale bygg følgjer nasjonale retningslinjer, gjennom å stille krav til sunne matvaner, gode innkjøpsrutinar og god kompetanse for tilsette i kantinene.	
Ansvar	HFK Økonomi- og organisasjonsavdelinga, Opplæringsavdelinga	
Samarbeidspartar	Skulane, drifterar av kantinene	
Ressursar/finansiering	Fylkeskommunale midlar	
Forankring	Regional plan for folkehelse	

<b>Tiltak 4.4</b>	<b>Stimulere til folkehelsetiltak på arbeidsplassane i HFK gjennom å nytte det etablerte IA-samarbeidet mellom NAV og HFK.</b>	2018-2021
Innhald	Gjennom trepartsamarbeidet i IA-avtalen styrke folkehelseperspektivet i det systematiske og helsefremjande HMS-arbeidet, og utvikle eigne handlingsplanar for folkehelsetiltak på arbeidsplassane. Setje av budsjettmidlar for å støtte opp under tiltaket <i>Aktiv kvar dag</i> som døme på lokal folkehelseinnsats innan fysisk aktivitet ved fylkeskommunale arbeidsplassar.	
Resultatmål	Auka tal folkehelsetiltak i lokale HMS-planar. Auka bruk av <i>Aktiv kvardag</i> -midlar.	
Ansvar	HFK Økonomi- og organisasjonsavdelinga	
Samarbeidspartar	NAV Arbeidslivssenter Hordaland, dei tilsette sine organisasjonar, bedriftshelsetenester, yrkesmedisinsk fagmiljø, vernetenesta	
Ressursar/finansiering	Innafor budjettramme	
Forankring	IA-avtalen, samarbeidsavtale mellom NAV, HFK og dei tilsette, hovudavtalen	

# Tema 5: Aktivitet og sosial deltaking

Organiserte og eigenorganiserte aktivitetar i nærmiljøet er viktige for å utvikle og styrke sosiale relasjonar, og for å gje verdifulle helsefremjande opplevingar for menneske i alle aldrar. Kunnskapoversikten for Hordaland viser at dei som treng det mest – personar med svekka helse og därlege levekår – har mindre sosial kontakt enn resten av befolkninga. Eit berekraftig samfunn er inkluderande og kjenneteikna av at alle kan delta og vera aktive. Sosial ulikhet i helse gjenspeglar deltaking i samfunnet, og tiltaka vil leggje til rette for at særleg dei med ulike barrierar for deltaking kan delta. Frivillige aktørar er ein ressurs for å inkludere ulike grupper i aktivitetar som gir sosial kontakt og nettverk.

**Delmål 5.1** Inkludere fleire i og rekruttere breiare til frivillig organisasjonsarbeid.

**Delmål 5.2** Fleire skal vere fysisk aktive kvar dag.

**Delmål 5.3** Auka bruk av aktivitetsanlegg, friluftsområde og idretts- og kulturarenaer.

Tiltak 5.1	<b>Styrke mangfaldet i aktivitet og deltaking for grupper som treng særskilt tilrettelegging.</b>	2018-2021
Innhald	Frivillige organisasjonar er ein god arena for integrering i samfunnet. Samstundes er graden av deltaking i frivillige organisasjonar prega av sosial ulikskap. Hordaland fylkeskommune prioriterer tiltak som utjamner sosial ulikskap i helse og fremjer inkludering.	
Ansvar	HFK Kultur- og idrettsavdelinga	
Samarbeidspartar	Frivillige lag og organisasjonar, kommunar, andre avdelingar i HFK	
Ressursar/finansiering	Statlege og fylkeskommunale midlar	
Forankring	Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025	

Tiltak 5.2	<b>Støtte kommunane og lokalsamfunna i arbeidet med å integrere flyktningar og innvandrarar</b>	2018-2021
Innhald	Gjennom tilskotsordningar styrke kommunane sitt integreringsarbeid.	
Ansvar	HFK Regionalavdelinga,	
Samarbeidspartar	HFK Kultur- og idrettsavdelinga	
Ressursar/finansiering	Statlege og fylkeskommunale midlar	
Forankring	Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025, Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland	

<b>Tiltak 5.3</b>	<b>Utlysning av tilskotsmidlar for å auke tal på kommunar i Hordaland som utviklar frivilligheitspolitikk.</b>	2018
Innhald	Regjeringa si frivillighetserklæring slår fast å styrke samarbeidet mellom offentleg sektor og frivillig sektor.	
Resultatmål	Innan 2020 skal 75 prosent av kommunane i Hordaland ha utvikla ein politikk for å styrke samhandling mellom kommune og frivillig sektor.	
Ansvar	HFK Regionalavdelinga	
Samarbeidspartar	Kommunane i Hordaland, Frivillig Norge	
Ressursar/finansiering	Hordaland fylkeskommune gjev tilskot på inntil kr 40.000 i tillegg eigenfinansiering frå kommunane.	
Forankring	Regional planstrategi 2016-2020, Regional plan for folkehelse	

<b>Tiltak 5.4</b>	<b>Stimulere til kompetanseutvikling innanfor offentleg kulturforvaltning og innan kultur-, idrett- og friluftssektoren.</b>	2018-2021
Innhald	Fylkeskommunen har eit regionalt kulturpolitisk ansvar og har utvikla ein sjølvstendig kulturpolitikk basert på kjennskap til fylket. Økonomiske tilskot til kompetanseheving, nettverksbygging og partnarskap er viktige fylkeskommunale verkemiddel i utvikling av aktivitetsanlegg, friluftsområde og idretts- og kulturarenaer.	
Resultatmål	Årlege dialogmøter etablert for heile kultur- og idrettssektoren.	
Ansvar	HFK Kultur- og idrettsavdelinga	
Samarbeidspartar	Kommunar, frivillige lag og organisasjonar	
Ressursar/finansiering	Innafor budsjetttramme	
Forankring	Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025, Regional planstrategi 2016-2020	

<b>Tiltak 5.5</b>	<b>Kartlegge bruk av fylkeskommunale bygg og lage strategi for meir bruk.</b>	2018
Innhald	Offentlege bygg skal bli lettare tilgjengeleg for utlån, spesielt idrettsanlegg og øvingslokale. Det må i tillegg gjerast lettare å få informasjon om tilgjengelege anlegg og lokale for fritidsaktivitet.	
Resultatmål	Auka bruk av fylkeskommunale bygg.	
Ansvar	HFK Eiendomsavdelinga	
Samarbeidspartar	HFK Opplæringsavdelinga, HFK Kultur- og idrettsavdelinga og kommunar	
Ressursar/finansiering	Innafor driftsbudsjett	
Forankring	Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025	

<b>Tiltak 5.6</b>	<b>Bidra til å vidareutvikle eit breitt og variert kultur- og idrettstilbod til barn og ungdom, mellom anna gjennom meir bruk av medverknad.</b>	2018-2021
Innhald	Det skal vere eit mangfold av aktivitetstilbod tilpassa ulike brukargrupper, publikum og sjangrar i samspele med både profesjonalitet og frivillighet.	
Resultatmål	Utvikle metode i samråd med kommunane og kultur- og idrettsaktørane.	
Ansvar	Kultur- og idrettsavdelinga	
Samarbeidspartar	Kommunar, lag og organisasjonar	
Ressursar/finansiering	Innanfor budsjetttramme og ulike tilskotsordningar	
Forankring	Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025	

<b>Tiltak 5.7</b>	<b>Arbeide vidare med kulturfot-løysing for å jamne ut økonomiske skilnader for deltaking.</b>	2018-2021
Innhald	Det er ønske om å halde fram arbeidet i samarbeid med Bergen kommune og andre kommunar i Hordaland (og Sogn og Fjordane) om å utvikle ein god modell for eit kulturfot som vil jamne ut økonomiske skilnader for deltaking i kultur og idrett.	
Resultatmål	Utvikle metode i samråd med kommunane og kultur- og idrettsaktørane.	
Ansvar	HFK Kultur og idrettsavdelinga	
Samarbeidspartar	Bergen kommune, ulike kultur og idrettsinstitusjonar	
Ressursar/finansiering	Innafor budsjetttramme	
Forankring	Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025	

# Vedlegg

## Delmål – Tema 1

**1.1**

**Samhandling skal fremje medverknad og god oppgåveløysing.**

## Strategiar – Tema 1

**1 A:** Utvikle gode strukturar og arenaer for heilskapleg folkehelsearbeid.

**1 B:** Medverknad skal vere eit gjennomgåande prinsipp i alle planar og tiltak.

**1.2**

**Folkehelsearbeidet skal vere kunnskapsbasert.**

**1 C:** Bruke tilgjengeleg kunnskap og utvikle ny kunnskap om utviklingstrekk, helsetilstand og effektive tiltak.

**1 D:** Formidle kunnskap og utvikle samarbeidsnettverk.

**1 E:** Fremje kompetanseutvikling og gjennomføre evalueringar.

**1.3**

**Folkehelseomsyn skal vere integrert i all samfunnsplanlegging.**

**1 F:** Alle planar skal vurdere konsekvensar for folkehelsa.

**1.4**

**Hordaland skal vere eit universelt utforma samfunn innan 2025.**

**1 G:** Deltaking for alle og universell utforming skal vere eit gjennomgåande prinsipp for alle regionale og kommunale planar.

**1 H:** Offentlege bygg, skular, haldeplassar og kollektivtransport skal vere universelt utforma innan 2025.

**1 L:** Sentrumsområde og publikumsretta anlegg skal vere planlagde og utbygde etter prinsippa om universell utforming innan 2025.

**1 J:** Offentleg informasjon skal vere universelt utforma og tilpassa behova til ulike målgrupper.

**1 K:** Auke kunnskap og kompetanse om universell utforming.

## **Delmål – Tema 2**

### **2.1**

**Gode, trygge og aktive nærmiljø for befolkninga.**

## **Strategiar – Tema 2**

**2 A:** Bidra til fleire tilgjengelege aktivitetsområde, kultur- og idrettsanlegg som stimulerer til lågterskelaktivitet.

**2 B:** Bruke eksisterande kunnskap og auke kunnskapsgrunnlaget om faktorar og utviklingstrekk i nærmiljøet som kan verke inn på helsa.

**2 C:** Bidra til ein offentleg infrastruktur som gjer at fleire kan velje sykkel, gange og kollektivtransport framfor personbil.

**2 D:** Leggje til rette for tiltak som både førebyggjer og reduserer luftforureining og støy, spesielt i tettbygde område og i byane.

### **2.2**

**Gode friluftsområder for alle.**

**2 E:** Bidra til fleire tilgjengelege friluftsområde og merkte turløyper i nærmiljøa, også ved eksisterande bustadområde.

**2 F:** Gjennomføre kartlegging og verdsetting av friluftsområde i alle kommunar i Hordaland.

**2 G:** Alle kommunar bør ha minst eitt friluftsområde tilgjengeleg for alle.

### **2.3**

**Bustader til folk med ulike behov i gode nærmiljø.**

**2 H:** Leggje til rette for gode møteplassar og aktivitet ved utforming av område til bustader, skular og barnehagar, offentlege bygg og offentlege rom.

**2 I:** Sikre bustader som er tilgjengelege for ulike behov og aldersgrupper.

**2 J:** Auke kunnskap om fordelar og mogelegheiter som kan finnast i samband med å auke tilgjenge i den eksisterande bustadmassen.

### **2.4**

**Færre skadar og ulykker.**

**2 K:** Auke kunnskapen om omfanget av skadar og ulykker, sikre at vurderingar knytte til helse/folkehelse er ein del av plangrunnlaget, og fremje gode tiltak for å redusere talet på skadar og ulykker.

## Delmål – Tema 3

3.1

**Barnehagar og skular skal ha helsevennlege og gode bygg og uteareal.**

3.2

**Alle barnehagar, grunnskular og vidaregåande skular skal arbeide helsefremjande.**

3.3

**Det skal vere koordinert innsats og godt samarbeid mellom aktørar som arbeider med levekåra til barn og unge gjennom heile utdanningsløpet.**

3.4

**80 prosent av elevane skal gjennomføre vidaregående opplæring på fem år.**

3.5

**Ein skal arbeide for auka kunnskap om barn og unge sin situasjon, levekår og helse.**

3.6

**80 % av barn og unge skal gå eller sykle til skulen.**

## Strategiar – Tema 3

**3 A:** Alle bygg og uteareal for skular og barnehagar skal ha tilfredsstillande standard etter forskrift om miljøretta helsevern i skular og barnehagar og opplæringslova.

**3 B:** Alle barnehagar og skular skal bidra til å gi elevane ei best mogleg sosial og fagleg utvikling.

**3 C:** Alle barnehagar og skular skal vere gode arenaer for haldningsskapande arbeid og sunne helseval.

**3 D:** Tilbodet i skulehelsetenesta til elevar i grunnskulen og til elevar/lærlingar i vidaregåande skule, skal vere i tråd med nasjonale tilrådingar.

**3 E:** Samarbeid mellom ulike aktørar retta mot barn og unge i det førebyggjande arbeidet, skal vere koordinert allereie i ein tidleg fase.

**3 F:** Styrke samarbeidet mellom ulike aktørar for å trygge overgangar mellom ulike nivå i utdanningsløpet.

**3 G:** Arbeide for å auke læringsutbytet og få fleire til å fullføre vidaregående opplæring på normal tid (maks fem år).

**3 H:** Det skal leggjast til rette for utvikling av kunnskapen om barn og unge.

**3 I:** Bidra til arbeidet med å gjennomføre nasjonale kampanjar for å få fleire til å gå eller sykle til skule/utdanning

## **Delmål – Tema 4**

**4.1**

**Auke arbeidsdeltakinga og betre overgangen mellom vidaregåande opplæring og arbeid.**

## **Strategiar – Tema 4**

**4 A:** Tettare samarbeid mellom statlege aktørar, HFK og næringslivet for å målrette tiltak for arbeidspraksis og jobb til unge.

**4 B:** Leggje til rette for at fleire vaksne skal få yrkes- og studiekompetanse.

**4.2**

**Auka deltaking i arbeidslivet gjennom fleire universelt utforma arbeidsplassar.**

**4 C:** Fremje inkludering og deltaking gjennom fleire universelt utforma arbeidsplassar og byggje ned barrierar.

**4.3**

**Auka deltaking i arbeidslivet gjennom meir satsing på helsefremjande arbeidsplassar.**

**4 D:** Utvikle samarbeid mellom statlege instansar, kommunar og HFK for felles satsing på folkehelsetiltak på arbeidsplassen.

**4 E:** Leggje til rette strukturelle tiltak for sunne val på arbeidsplassen.

**4 F:** Arbeide aktivt for eit meir inkluderande psykososialt arbeidsmiljø i samarbeid med tilsette.

## **Delmål – Tema 5**

**5.1**

**Inkludere fleire i, og rekruttere breiare til, frivillig organisasjonsarbeid.**

**5.2**

**Fleire skal nå dei nasjonale måla om fysisk aktivitet kvar dag.**

**5.3**

**Auka bruk av aktivitetsanlegg, friluftsområde og idretts- og kulturarrenaer.**


## **Strategiar – Tema 5**

**5 A:** I samarbeid med frivillig sektor mobilisere befolkninga til å engasjere seg i frivillig arbeid.

**5 B:** Utvikle regional og kommunal frivillighetspolitikk i samarbeid med frivillig sektor.

**5 C:** Legge til rette for at fleire skal vere fysisk aktive kvar dag.

**5 D:** Bidra til å auke bruken av kulturbygg, aktivitetsanlegg, friluftsområde og merkte turløyper i lokalmiljøa.



Agnes Mowinckels gate 5  
Postboks 7900  
5020 Bergen  
Telefon: 55 23 90 00  
E-post: [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no)  
[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregående opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur. Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.

# Høyringsinnspeil med vurderingar til Handlingsprogram 2018 – 2021 til Regional plan for folkehelse

På dialogmøtet for eksterne samarbeidspartar og fylkeskommunale råd og utval i september 2017 kom det mange gode innspeil til revisjon av handlingsprogrammet. Nedanfor kjem ei kort omtale av kva det kom innspeil på. Vurderingar knytt til høyringsinnspeila etter kvart temaområde. NB. Etter høyringsmøte er handlingsprogrammet endra slik at tiltaksnummer og namn kan skilje seg frå det som kjem gjennom høyringsinnspeila.

## Tema 1. Heilskapleg folkehelsearbeid og universell utforming

### Høyringsinnspeil

#### Ungdommens fylkesutval

- Endre Delmål 1.1, tiltak 1.3
- Endre tiltak 1.2 – involvere regionale råd i samarbeidsutvalet
- Erstatt med Tiltaksutvikling rettet mot rusforebyggende arbeid: Få foredrag mot rusbruk av tidligere rusmisbrukere i videregående skoler, tilpasset elever

#### Fylkeseldrerådet

- Det vart i møtet nemnt at tiltak 1.14 kunne bli kutta ut fordi det var ivareteke allereie i andre planar. Tiltaket bør ikkje gå ut, for det er viktig at sentrale tiltak vert nemnt fleire stader for å minna om saka.
- Involvere regionale råd i samarbeidsutvalet til det nye folkehelseprogrammet.
- Nytt tiltak (2) under delmål 1.1:
- Sørgja for at relevante råd i HFK på eit tidleg tidspunkt vert involverte i alt planarbeid, og minna kommunane om det same for deira del.
- Støtte kommunane i arbeidet med å utvikle et system for medverknad i plan og utviklingsarbeid. Bygge på erfaringar frå nærmiljøprosjektet
- Nytt tiltak under delmål 1.3:  
Kompetansetiltak for planleggerar og rådgjevarar/konsulentar  
Grunngjeving: For å kunna fungera etter målsettinga med dei, er det viktig at dei lovfesta råda i fylkeskommunen og kommunane vert tekne tidleg med i prosessane fram mot vedtak innanfor område som angår dei.
- Nytt tiltak under delmål 1.4:  
Etablera sektorovergripande og tverrfagleg plangruppe for å sikra at tiltak på same felt innanfor universell utforming vert koordinerte og ivaretakne i alle fylkeskommunale/ regionale planar.
- Nytt tiltak (1) under delmål 1.1.:  
I samarbeid med enkelte kommunar og deira heimetenester etablera prøveordning med ambulerande tannlegekontor, som førebyggjande tannhelsetiltak og sosial utjamning.  
Grunngjeving: Eldre personar og andre kan ha vanskar med å koma seg til tannlege for kontroll både på grunn av at dei bur i grisgrendt strøk med vanskelege transporttilhøve og av økonomiske grunnar. Ei enkel undersøking der dei bur, kan sikra at behov for tannpleie kan bli oppdaga før tilstanden har utvikla seg til det verre. Slik kan ein medverke til at målsettinga med at innbyggjarane i Hordaland får "det tannhelsetilbodet dei har rett på og oppfylle krav i tannhelselova".

#### Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

- Endre Tiltak 1.12 - Alle bygg som Hordaland fylke eig eller leiger, vart registrert i "Bygg for alle" for ein del år sidan. Det vart så laga ein handlingsplan for utbetring og opprusting til universell utforming. Midlar vart sett av i langtidsbudsjett, og arbeidet går sin gang. Fylket si målsetting er at alle bygg som fylket eig eller leiger skal vera universelt utforma innan 2019. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF) har vore involvert heile tida, og har vore konsultert i dei fleste større prosjekta. Nærare opplysningar kan du nok få av xxxxxx som har ansvaret for universell utforming i Hordaland fylke.
- Tiltak 1.13 - Under samarbeidspartar vil eg anbefala å bruka RMNF. Rådet er breitt samansett og representerer ca. 55 ulike brukargrupper i Hordaland.

### **Vurdering av høyringsinnspele**

Hemil-senteret UIB og Regionalt kunnskapssenter for barn og unge (RKBU) etterlyste på høyringsmøtet i september meir kunnskap på det heilskaplege folkehelsearbeidet og fleire strukturelle og overordna tiltak i handlingsprogrammet. Høyringsinstansane sakna meir fokus på korleis tiltaka kan bidra til å redusere sosiale helseeskilnader. Tiltaka 1.1-1.5 er teke inn i handlingsprogrammet for å sikre desse perspektiva betre. Både Ungdommens fylkesutval og Fylkeseldrerådet ønskjer regionale råd inn i samarbeidsorganet for program for folkehelsearbeid i kommunane (tiltak 1.7). Samansetning av samarbeidsrådet blir konkretisert seinare, framlegget er derfor ikkje teke inn i dokumentet. Fleire av innspele gjeld for universell utforming og medverknad. Her er innspele vurderte og teke inn så langt som råd er i nye tiltak som 1.3 og 1.4. Nokre tiltak er tekne ut fordi dei ligg i andre planar. Andre er vurderte til å vere dekka av tiltak som er reformulerte. Dette gjeld til dømes tiltak 1.17 som er endra frå å «registrere fylkeskommunale bygg i bygg for alle» til å «gjere sidene tilgjengelege for brukarane». Fleire innspele gjeld ansvarsområda til ulike fagavdelingar i fylkeskommunen. Desse innspele fra råda er sendt over til aktuelle fagavdeling eller ikkje teke med fordi dei allereie ligg i andre planar.

## **Tema 2. Lokalsamfunn, nærmiljø og bustader**

### **Høyringsinnspele**

#### **Fylkeseldrerådet**

- Tiltak 2.3 – endre til å inkludere snarveier (erfaring frå nærmiljøprosjektet)
- Nytt forslag under delmål 2.1:  
Arbeida for at det i samband med utvikling av "gode, trygge og aktive nærmiljø" blir oppretta rutetilbod frå utkantområde fram til sentrumsområda på aktuelle tidspunkt på døgnet.  
Samarbeidspartner: Samferdselsavdelinga v/ Skyss
- Tiltak 2.4 – Utvikle registrering av ulykker/skader tilgjengelig for kommunar (på kommunenivå/fylkesnivå)

### **Vurdering av høyringsinnspele**

Fylkeseldrerådet kom med innspele til at det er behov for å utvikle system for registrering av skader/ulykker og gjere dette tilgjengeleg for kommunane. Vurderinga er at dette er eit interessant tiltak, men det trengs meir planlegging og tiltaket er derfor ikkje teke med no. Eit anna forslag til tiltak om rutetilbod til utkantsområde er sendt Samferdselsavdelinga ved Skyss. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek opp spørsmålet om sikring av korte tunnellar for å gjere dei tryggare. Innspelet høyrer heime i Regional transportplan (RTP) med investeringsprogram som no er under høyring. Det er ingen tiltak under skader og ulykker. Trafikksikringstiltak ligg i investeringsprogrammet til RTP.

## **Tema 3. Oppvekst og læring**

### **Høyringsinnspele**

#### **Ungdommens fylkesutval**

- Legge til tiltak for delmål 3.1 /3.2
- Legge til tiltak under delmål 3.2
- Endre tiltak 3.4 – innhold
- Erstatt med: Alle videregående skoler i fylket skal pålegges å utarbeide en plan mot mobbing, i samarbeid med skolen sine elever i Hordaland
- Erstatt med: Alle videregående skoler skal tilby et sundt mat – og drikketilbud
- Erstatt med: Gratis skolefrokost til yrkesfaglige skoler som et universelt tiltak for å bedre matvaner, det psykososiale miljøet og øke læringsutbytte.
- Nytt tiltak under delmål 3. 2: Bedre seksualundervisning i skolen. Innhold: En trenger mer omfattende seksualundervisning hvor en har fokus på inkludering, kunnskap, bedre helse og legning. Denne typen undervisning vil være holdningsskapende hos elever og skaper mer menneskelig forståelse.
- Nytt tiltak under 3.4: Integrering i den norske skole må bedres. Innhold: Mange innvandrarar har store problem med språk, - og faller utanfor den norske utdanningsprogrammet. Gjennom å sørge for at innføringsklassene dekker behovet i skolen vil en kunne forhindre slikt fråfall.

#### **Fylkeseldrerådet**

- Endre Tiltak 3.9 Samordne ulike modeller for sykkelopplæring i skolen og i nærmiljøet (involvere foreldre).

#### **Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne**

- Tiltak 3.6 - Det finnes i dag eit mykje brukta kursopplegg innan livsmestring, som blir brukta av dei ulike brukarorganisasjonane. Kurset er riktig nok utarbeida for folk med kroniske lidingar, men her er nok mykje som kan brukast i det nye faget.

#### **Helse Bergen**

- Forslag til Tiltak 3.6: Energisenteret for barn og unge på Haukeland universitetssjukehus vil vere ein god samarbeidspartner her.

#### **Vurdering av høyringsinnspele**

Ungdomens fylkesutval har mange konkrete innspele til tiltak i handlingsprogrammet. Fleire av forslaga er teke inn i handlingsprogrammet i ei eller anna form. Ungdomens fylkesutval ønskjer at alle vidaregåande skoler i fylket skal bli pålagde å utarbeide en plan mot mobbing, i samarbeid med skolen sine elevar. Tiltaket er ikkje med, andre tiltak som 3.3 og 3.5 kjem inn på dette. Eit anna forslag til tiltak er at alle vidaregåande skular skal tilby et sunt mat og drikketilbod. Tiltak 3.4 handlar om forsøk med skolefrukost, her er 60 % av skulane med. Under 4.3 er det forslag om at kantiner i fylkeskommunale bygg skal følgje dei nasjonale retningslinene. Eit forslag om betre seksualundervisning i skulen er innarbeidd i nytt tiltak 3.10. Forslaget om tiltak for betre integrering er ikkje teke inn. Vurderinga er at dette er dekka av opplæringsavdelinga si eiga lokale læreplan. Andre høyringsinnspele går på breiare involvering av samarbeidspartar. Forslaget frå Eldrerådet om foreldreinvolvering i tiltak 3.9 er viktig, men er ikkje teke inn då vurderinga er at dette er opp skulane. Ønske frå Helse Bergen om å vere samarbeidspart i tiltak 3.6 er teke inn.

#### **Tema 4. Arbeid og arbeidsplassen**

Ingen skriftelege innspele. Munnlege innspele i høyringsmøtet var at det er positivt at tiltaka i tema fire handlar om struktur og system.

#### **Tema 5. Aktivitet og sosial deltaking**

##### **Høyringsinnspele**

###### **Ungdommens fylkesutval**

- Legge til tiltak for delmål 5.3
- Offentlige bygg skal bli lettare tilgjengelig for utlån, særleg fleire opne idrettsfasilitetar og fleire gratis øvingslokalar for utvikling av musikk miljøet. Fylkeskommunen skal gjøre det lettare for ungdom å vite om og få informasjon om opne idrettsfasilitetar.

###### **Fylkeseldrerådet**

- Nytt tiltak under delmål 5.3: Arbeida for at det vert innført rabatterte billettar, der det i dag ikkje blir gitt slik rabatt, for funksjonshemma, studentar og pensjonistar på offentlege arenaer som tilbyr fysiske aktivitetar

##### **Andre innspele**

###### **Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne:**

- «Så har eg eir punkt som eg ikkje er sikker på kor det bør plasserast. I Hordaland har me mange rasfarlege vegar, og dei vart no erstatta av korte og lange tunnellar. Regelverket seier at det er tillate å gå og sykla i tunnellar under 500 meter. Frå samferdselsavdelinga har eg fått ein oversikt som viser at i Hordaland fylke er det pr. i dag 127 tunnellar av denne typen. Vegkontoret har ingen planar om å gjera desse tryggare, så mjuke og harde trafikkantar må dela på plassen i lang tid framover. Kan ein få med eit punkt i planen, der ein går inn for at alle nye tunnellar av denne typen, får separert dei mjuke frå dei harde trafikkantane.»

###### **Munnleg innspele frå eksternt høyringsmøte:**

- Hemil-senteret ved Universitet i Bergen og RBKU Vest – Regionalt kompetansesenter for barn og unge, etterlyste meir strukturelle og overordna tiltak under Tema 1. Dette er tatt til etterretning gjennom 5 nye tiltak: 1.1 -1.5.

##### **Vurdering av høyringsinnspele**

Fleire innspele gjeld i stor grad auka tilrettelegging for meir samfunnssdeltaking. Alle innspela frå høyringsinstansane er tekne med i ei eller anna form inn i handlingsprogrammet. To forslag frå Ungdommens fylkesutval er teke inn det vil seie tiltaka 5.5 og 5.6. Fylkeseldrerådet sitt innspele om at det vert innført rabatterte billettar er delvis henta inn gjennom nytt tiltak 5.7 om å utvikle kulturmøteplassen. Dette tiltaket er ikkje retta mot alle, men mot barn og unge.

**PS 6/18 Ymse**